



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Prop. 119 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i kommunelova m.m.
(eigenkontroll mv.)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	4.2.2	Bør overskrifta i kommunelova § 80 endrast?	17
2	Generelt om høyringa	6	4.3	Om reglane om selskapskontroll	18
2.1	Høyringa	6	4.3.1	Gjeldande rett	18
2.2	Høyringsinstansar	6	4.3.2	Høyringsnotatet	18
3	Kontrollutvalet	8	4.3.3	Høyringa	18
3.1	Opne møte i kontrollutvalet	8	4.3.4	Framlegget frå departementet	18
3.1.1	Gjeldande rett	8	5	Rapportering i årsmeldinga om arbeidet med internkontroll	20
3.1.2	Høyringsnotatet	8	5.1	Gjeldande rett	20
3.1.3	Høyringa	8	5.2	Høyringsnotatet	20
3.1.4	Framlegget frå departementet	9	5.3	Høyringa	20
3.2	Tidspunktet for val av kontrollutval	10	5.4	Framlegget frå departementet	21
3.2.1	Gjeldande rett	10	6	Kommunale føretak	22
3.2.2	Høyringsnotatet	10	6.1	Opne møte i styret i kommunalt føretak	22
3.2.3	Høyringa	10	6.1.1	Gjeldande rett	22
3.2.4	Framlegget frå departementet	10	6.1.2	Høyringsnotatet	22
3.3	Valbarheit til kontrollutvalet	11	6.1.3	Høyringa	23
3.3.1	Gjeldande rett	11	6.1.4	Framlegget frå departementet	23
3.3.2	Høyringsnotatet	11	6.2	Internkontroll i kommunale føretak	24
3.3.3	Høyringa	11	6.2.1	Gjeldande rett	24
3.3.4	Framlegget frå departementet	11	6.2.2	Høyringsnotatet	25
3.4	Talet på medlemmer i kontrollutvalet	11	6.2.3	Høyringa	25
3.4.1	Gjeldande rett	11	6.2.4	Framlegget frå departementet	25
3.4.2	Høyringsnotatet	11	6.3	Val av tilsette til styret i kommunalt føretak	25
3.4.3	Høyringa	12	6.3.1	Gjeldande rett	25
3.4.4	Vurderinga til departementet	12	6.3.2	Høyringsnotatet	25
3.5	Omsynet til at kontrollutvalet skal vere ubunde	12	6.3.3	Høyringa	25
3.5.1	Innleiing	12	6.3.4	Framlegget frå departementet	25
3.5.2	Særskilde rettar for mindretalet i kontrollutvalet?	13	7	Endringar i visse økonomiføresegner i kommunelova	26
3.5.3	Kven skal ha fleirtalet i kontrollutvalet?	13	7.1	Avgrensingar i høvet til å finansiere med lån når investeringa gjev rett til momskompensasjon	26
3.5.4	Bør personar knytte til kommunale selskap kunne veljast til kontrollutvalet?	14	7.1.1	Gjeldande rett	26
4	Revisjon og selskapskontroll ...	15	7.1.2	Høyringsnotatet	26
4.1	Kvitvaskingslova	15	7.1.3	Høyringa	27
4.1.1	Gjeldande rett	15	7.1.4	Framlegget frå departementet	27
4.1.2	Høyringsnotatet	15	7.2	Avdrag på likviditetslån og trekkrettar	27
4.1.3	Høyringa	15	7.2.1	Gjeldande rett	27
4.1.4	Framlegget frå departementet	16	7.2.2	Høyringsnotatet	27
4.2	Kontrollutvalets rett til innsyn i selskap	16			
4.2.1	Kva for selskap kan kontrollutvalet krevje innsyn i?	16			

7.2.3	Høyringa	28	8.5.1	Gjeldande rett	33
7.2.4	Framlegget frå departementet	28	8.5.2	Høyringsnotatet	33
8	Lov om interkommunale selskap – endringar i visse føresegner om økonomiforvaltning	29	8.5.3	Høyringa	34
8.1	Låneopptak, avdrag på lån og statleg lånegodkjenning	29	8.5.4	Framlegget frå departementet	34
8.1.1	Gjeldande rett	29	8.6	Styrets ansvar for rekneskapen	34
8.1.2	Høyringsnotatet	29	8.6.1	Gjeldande rett	34
8.1.3	Høyringa	30	8.6.2	Høyringsnotatet	34
8.1.4	Framlegget frå departementet	31	8.6.3	Høyringa	34
8.2	Finansiell risiko	31	8.6.4	Framlegget frå departementet	34
8.2.1	Gjeldande rett	31	8.7	Opplysningar om godtgjering – forskriftsheimel	34
8.2.2	Høyringsnotatet	32	8.7.1	Gjeldande rett	34
8.2.3	Høyringa	32	8.7.2	Høyringsnotatet	34
8.2.4	Framlegget frå departementet	32	8.7.3	Høyringa	34
8.3	Bruk av inntekter ved sal av fast eigedom (realiserte verdiar)	32	8.7.4	Framlegget frå departementet	34
8.3.1	Gjeldande rett	32	9	Samansetjing av fellesnemnda etter inndelingslova	36
8.3.2	Høyringsnotatet	32	9.1	Gjeldande rett	36
8.3.3	Høyringa	32	9.2	Høyringsnotatet	36
8.3.4	Framlegget frå departementet	32	9.3	Høyringa	36
8.4	Einskilde endringar i reglane om årsbudsjett og økonomiplan	33	9.4	Framlegget frå departementet	37
8.4.1	Gjeldande rett	33	10	Økonomiske og administrative konsekvensar	38
8.4.2	Høyringsnotatet	33	11	Merknader til dei einskilde føresegnene	39
8.4.3	Høyringa	33			
8.4.4	Framlegget frå departementet	33			
8.5	Bokføring	33			
				Forslag til lov om endringar i kommune-lova m.m. (eigenkontroll mv.)	42



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Prop. 119 L

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i kommunelova m.m. (eigenkontroll mv.)

*Tilråding frå Kommunal- og regionaldepartementet 25. mai 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I denne proposisjonen gjer Kommunal- og regionaldepartementet framlegg om endringar i kommunelova, lov om interkommunale selskap (IKS-lova), kvitvaskingslova og inndelingslova. Departementet oppnemnde i november 2008 ei arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å føreslå tiltak for å styrkje eigenkontrollen i kommunar. Arbeidsgruppa leverte i desember 2009 rapporten *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane*. Framlegga i denne proposisjonen gjeld i hovudsak føresegnar som regulerer eigenkontrollen i kommunane, og har sin bakgrunn i den nemnde arbeidsgrupperapporten. Departementet vil berre nytte omgrepet arbeidsgruppa når det viser til arbeidsgruppa som leverte rapporten med 85 tilrådingar.

Departementet føreslår å lovfeste at møte i kontrollutvalet og styremøte i kommunale føretak som hovudregel skal gå for opne dører. Når det gjeld kontrollutvalet, gjer departementet òg framlegg om at det skal veljast på det konstituerande møtet i kommunestyret.

I proposisjonen føreslår departementet at oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor skal underleggast rapporteringsplikt etter kvitvaskingslova. Departementet gjer òg framlegg om at det skal rapporterast om internkontrollen i årsmeldinga til kommunen.

Departementet føreslår òg ein del endringar i økonomiføresegnene i kommunelova. Departementet gjer vidare framlegg om endringar i visse føresegnar om økonomiforvaltninga i interkommunale selskap (IKS-lova). Målet er å harmonisere økonomiføresegnene i IKS-lova med føresegnene i kommunelova.

Til slutt gjer departementet framlegg om endringar i føresegnene i inndelingslova som regulerer samansetjinga av fellesnemnda.

Lovframlegga gjeld for både kommunar og fylkeskommunar. For å gjere det enklare, vil departementet nytte omgrepa kommune og kommunestyre som felles nemning for både kommune/fylkeskommune og kommunestyre/fylkesting dersom ikkje noko anna går fram av samanhengen.

2 Generelt om høyringa

2.1 Høyringa

Den 27. mai 2011 sende Kommunal- og regionaldepartementet ut på høyring framlegg om endringar i kommunelova, kvitvaskingslova, lov om interkommunale selskap og inndelingslova. Høyringsfristen blei sett til 15. september 2011. Høyringsnotatet var ei oppfølging av arbeidsgruppe-rapporten *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane* frå desember 2009. I arbeidet med høyringsnotatet tok departementet utgangspunkt i denne rapporten. Konkrete tilrådingar som gjeld endringar i lover og forskrifter som departementet har ansvar for, blei omtala i høyringsnotatet. I tillegg til å vere ei oppfølging av arbeidsgruppe-rapporten med framlegg til endringar i eigenkontrollregelverket, inneheldt høyringsnotatet også ein del andre framlegg til lovendringar, mellom anna i økonomiføresegnene i kommunelova og lov om interkommunale selskap.

Det har kome inn 90 høyringsfråsegner. Til mange av framlegga var det få eller ingen innvendingar.

2.2 Høyringsinstansar

Høyringsnotatet blei sendt ut til dei høyringsinstansane som er lista opp nedanfor. Høyringsnotatet blei også lagt ut på internetsida til departementet, slik at instansar og personar som ikkje stod på høyringslista, kunne gje høyringssvar.

- Departementa
- Fylkeskommunar
- Fylkesmenn
- Kommunar
- Registrerte politiske parti
- Sametinget
- Longyearbyen lokalstyre
- Riksarkivet
- Riksrevisjonen
- Statistisk sentralbyrå
- Sysselmannen på Svalbard
- Direktoratet for arbeidstilsynet
- Direktoratet for naturforvaltning
- Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
- Helsedirektoratet
- NAV
- Riksantikvaren
- Rikstrygdeverket
- Skattedirektoratet
- Toll- og avgiftsdirektoratet
- Utdanningsdirektoratet
- Utlendingsdirektoratet
- Vegdirektoratet
- Barneombodet
- Forbrukarombodet
- Likestillings- og diskrimineringsombodet
- Sivilombodsmannen
- Datatilsynet
- Helsetilsynet
- Klima- og forureiningsdirektoratet
- Konkurransetilsynet
- Kredittilsynet
- Mattilsynet
- Forbrukarrådet
- Kommunal landspensjonskasse
- Kommunalbanken
- Statens pensjonskasse
- Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)
- Innovasjon Noreg
- SIVA Selskapet for industrivekst
- Handelshøyskolen BI
- Høgskolen i Bodø
- Høgskolen i Oslo
- Noregs forskingsråd
- Norges Handelshøyskole NHH
- NTNU
- Universitetet for miljø- og biovitenskap
- Universitetet i Agder
- Universitetet i Bergen
- Universitetet i Oslo
- Universitetet i Stavanger

- Universitetet i Tromsø
- Arbeidsgiverforeningen Spekter
- Finansnæringens Arbeidsgiverforening
- Finansnæringens Hovedorganisasjon
- Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
- KS – Kommunesektorens arbeidsgivar- og interesseorganisasjon
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Sparebankforeningen
- Verdipapirfondenes forening
- Akademikerne
- Delta
- Fagforbundet
- Fellesforbundet
- Finansforbundet
- Landsorganisasjonen i Noreg
- NITO
- Norsk Sykepleierforbund
- Unio
- Utdanningsforbundet
- Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund
- Den Norske Advokatforening
- Den Norske Dommerforening
- Den norske legeforening
- Den norske Revisorforening
- Den norske tannlegeforening
- Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring
- Friluftsrådernes Landsforbund
- Norges Kulturvernforbund
- Norsk Journalistlag
- Norsk Presseforbund
- Norsk Psykologiforening
- Norsk Redaktørforening
- Folkehelseinstituttet
- Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
- Nasjonalforeningen for folkehelsen
- Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening
- Norges Handikapforbund
- Norges idrettsforbund
- Norges Juristforbund
- Norges Kommunerevisorforbund
- Norges Velforbund
- Norsk Kommunalteknisk Forening
- Norsk pasientforening
- Norsk Rådmannsforum
- NORVAR – Norsk VA-verkforening
- Pensjonistforbundet
- Private Barnehagers Landsforbund
- Samarbeidsorganet av funksjonshemmedes organisasjoner, c/o Norges Handikapforbund, Statens råd for funksjonshemmede
- Elevorganisasjonen
- Foreldreutvalet for grunnopplæringa
- Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar
- Norsk Forening for Bolig- og Byplanlegging
- Samarbeidsrådet for yrkesopplæring
- Forum for kontroll og tilsyn

3 Kontrollutvalet

3.1 Opne møte i kontrollutvalet

3.1.1 Gjeldande rett

Kommunelova § 77 nr. 8 slår fast at møte i kontrollutvalet skal haldast for lukka dører dersom ikkje utvalet sjølv har bestemt noko anna. Kontrollutvalet kan likevel aldri ha opne møte dersom det skal handsame opplysningar som er underlagde teieplikt, eller dersom det skal handsame ei sak som gjeld tenestlege tilhøve til ein arbeidstakar.

3.1.2 Høyringsnotatet

Arbeidsgruppa kom med denne tilrådinga (nr. 8): "Kommunelova bør endrast slik at møta i kontrollutvalet som hovudregel er opne møte. Konsekvensane for det praktiske arbeidet i kontrollutvalet bør bli nærare utgreidde, og det er behov for rettleiing til kontrollutvala før lovendringa eventuelt blir sett i verk."

Departementet viste i høyringsnotatet til at møte i folkevalde organ i utgangspunktet bør vere opne så langt som råd. Slike møte bør berre vere lukka når det ligg føre tungtvegande grunnar til det. Det er ikkje slik at alle saker som kontrollutvalet handsamar, er av ein slik karakter at det er naudsynt å lukke møtet.

Det blei også peika på at det er viktig med samanheng og konsekvens i reglane om lukking av møte. Mange saker som kontrollutvalet handsamar, vil bli sende over til kommunestyret for vidare handsaming. Ofte får vi då ein situasjon der handsaminga av ei sak går for lukka dører i kontrollutvalet, medan den same saka blir handsama i eit oppe kommunestyremøte.

Departementet føreslo at kommunelova § 31 skal gjelde også for kontrollutvalet. Det inneber at møte som hovudregel skal gå for opne dører. Departementet meinte at unntaka frå opne dører i § 31 vil vere tilstrekkelege for kontrollutvalet, og kunne ikkje sjå at kontrollutvalet har særskilde behov for eigne lukkingsheimlar.

3.1.3 Høyringa

Av dei som uttalar seg om spørsmålet i høyringa, går 35 instansar inn for framlegget, medan 12 instansar går heilt eller delvis imot. Dei som støttar framlegget, peikar på ulike positive verkningar ved framlegget.

Fylkesmannen i Østfold uttalar:

"Fylkesmannen i Østfold er positiv til forslaget om at møter i kontrollutvalget som hovedregel skal være åpne. Vi er enig i at det gir god sammenheng og konsekvens i reglene om møteofentlighet dersom kommuneloven §§ 31 og 31a gjøres gjeldende også for kontrollutvalg. Fylkesmannen kan, i likhet med departementet, ikke se at kontrollutvalget har behov som tilsier at det får særskilte hjemler for lukking av møter.

Departementet har foreslått å oppheve gjeldende § 77 nr. 8. Av pedagogiske hensyn mener Fylkesmannen det samtidig bør tas inn en direkte henvisning i § 77, slik at det fremgår klart at det er reglene i §§ 31 og 31a som kommer til anvendelse, også for kontrollutvalg. At det er foreslått motsatt hovedregel av hva som gjaldt tidligere for kontrollutvalg, taler også for en slik henvisning."

Hedmark fylkeskommune skriv i fråsegna si mellom anna:

"Fylkesrådet deler synet på at møter i folkevalgte organ i all hovedsak skal være åpne. Dersom dette ikke skal gjelde møter i kontrollutvalget bør det være reelle årsaker til det. Ved en hovedregel om åpne dører tilligger det kontrollutvalget et tydelig ansvar for å vurdere når møtene eventuelt må lukkes på grunn av taushetsbelagte forhold eller når lukking bør vurderes på grunn av andre forhold nevnt i lovens § 31. Dersom disse rutineforutsettes ivare tatt ser ikke fylkesrådet noe til hinder for en hovedregel om åpne møter. En større åpenhet rundt kontrollutvalgsmøtene og derved en redusert "lukkethetskultur" kan tvert imot

medføre en større interesse og engasjement fra aktører utenfor utvalget selv, noe som ville være positivt.”

KS peikar på at opne møte ”er et viktig tiltak for å bedre egenkontrollen i kommunene og øke borgernes innsyn og tillit til den kommunale virksomheten”.

Haugesund kommune uttalar:

”Kontrollutvalget i Haugesund kommune har vedtatt at møtene skal holdes for åpne dører. Kommunen har god erfaring med denne praksis, og støtter departementets forslag om at § 77 nr. 8 skal oppheves.”

Nokre instansar, mellom anna *Forum for Kontroll og Tilsyn og Norges Kommunerevisorforbund*, ynskjer ei meir omfattande drøfting av om kontrollutvalet har særskilde behov for å lukke møta.

Dei som går imot framlegget, peikar mellom anna på at høvet til å drive kontrollarbeid vil bli svekt.

Modum kontrollutvalg uttalar:

”Kontrollutvalget i Modum ser store fordeler ved å fortsette ordninga med lukkede møter, og mener at det vil være mye lettere å beholde den åpne dialogen med kommunens ansatte og administrasjon dersom møtene er lukket. Kontrollutvalget anser denne dialogen for å være av vesentlig betydning for utvalgets arbeid.”

Kontrollutvala i Ørsta, Selje, Hareid, Vanylven, Vågsøy, Ulstein, Volda og Herøy skriv mellom anna:

”I staden bør koml. § 77 nr. 8 bestå, men slik at hovudregelen blir at møta skal vere opne, men med høve for kontrollutvalet sjølv til å vedta å lukke møtet i enkelthøve ”av tilsyns- og kontrollmessige omsyn”. Lukningsvedtaket bør heller ikkje kunne prøvast etter koml. § 59 (lovlegkontroll).

Dersom det vert vedteke at møta i kontrollutvala skal vere opne og kontrollutvalet ikkje får eigen lukningsheimel, vil mulegheita til å føre tilsyn verte svekt.”

3.1.4 Framlegget frå departementet

Nokre høyringsinstansar meiner at høvet til å drive kontrollarbeid vil bli svekt dersom møta går for opne dører. Departementet kan vanskeleg sjå at dette vil bli resultatet av framlegget. Kontrollutvalet vil alltid ha plikt til å lukke møte når det ligg

føre lovbestemt teieplikt, eller når det skal handsame ei sak som gjeld tenestlege tilhøve for ein arbeidstakar. I tillegg kjem dei sakene der kommunelova § 31 gjev høve til å lukke møte på grunnlag av personvern og tungtvegande offentlege interesser. Heimelen til å lukke møte i desse sakene gjev kontrollutvalet framleis høve til å diskutere ulike typar saker bak lukka dører. At fleire kontrollutval allereie i dag praktiserer ei ordning med opne møte, illustrerer at det neppe er behov for ei lovføresegn som gjev kontrollutvala høve til å halde alle møte lukka.

Departementet har merka seg at nokre høyringsinstansar meiner kontrollutvalet bør ha heimel til å lukke møte av tilsyns- og kontrollmessige omsyn, og at nokre høyringsinstansar har etterlyst meir drøfting av om kontrollutvalet har særskilde behov for å lukke møte.

Departementet meiner at ei føresegn som gjev heimel til å lukke møte av kontrollomsyn eller liknande, ikkje vil vere føremålstenleg. Dei aller fleste saker kontrollutvalet handsamar, vil ha kontrollmessige sider. Ei føresegn om til dømes ”kontrollomsyn” vil kunne bli svært vidtgående og dermed undergrave ein hovudregel om opne møte.

Handsaminga av rapportar i samband med rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vil nok for dei fleste kontrollutval utgjere hovuddelen av saksporteføljen. Departementet har vurdert om det er sider ved desse sakene som gjer at det på generelt grunnlag bør vere høve til å lukke møtet under handsaminga i kontrollutvalet. Vurderinga til departementet er at desse sakene på generelt grunnlag neppe inneheld opplysningar som tilseier at handsaminga bør skje bak lukka dører. Departementet kan heller ikkje sjå at det ligg føre andre omsyn som tilseier at utvalet bør ha fleire unntaksheimlar enn dei som ligg i kommunelova § 31.

Eit fleirtal av høyringsinstansane som uttala seg, ynskjer å endre lova i tråd med framlegget i høyringsnotatet. Departementet trur openheit i kommunane vil medverke til at innbyggjarane får tillit til kommunen. Kontrollutvalet er eit folkevalt organ som driv kontrollverksemd. Openheit i dette organet vil kunne medverke til at innbyggjarane får tillit både til kontrollverksemda i kommunen og til kommunen sjølv. Departementet deler difor KS' syn om at opne møte er eit viktig tiltak for å auke innsynet til innbyggjarane og tilliten til den kommunale verksemda. Departementet meiner òg at det er viktig med samanheng og konsekvens i reglane om lukking av møte, slik også *Fylkesmannen i Østfold* peikar på. Dette tilseier at kontrollutvalet bør følgje dei same reglane om luk-

king av møte som gjeld for andre folkevalde organ.

Nokre høyringsinstansar gjev uttrykk for at teieplikta til revisor inneber at møte i kontrollutvalet vil måtte lukkast for at revisor skal kunne gje informasjon til kontrollutvalet. Teieplikta til revisor går fram av kommunelova § 78 nr. 7: ”Med mindre det følger av revisjonens oppgaver etter denne lov eller forskrift gitt i medhold av nr. 8, eller den opplysningene gjelder har samtykket til at taushetsplikten ikke skal gjelde, har revisor plikt til å bevare taushet om det de får kjennskap til i sitt oppdrag for kommunen eller fylkeskommunen”. Ifølgje lova § 78 nr. 5 skal resultatene av revisjonen og kontrollen som revisor gjer, rapportert til kontrollutvalet. Denne rapporteringa er såleis ei lovpålagd oppgåve for revisor. Om § 78 nr. 5 heiter det i forarbeida, Ot.prp. nr. 70 (2002–2003) s. 108, mellom anna:

”Bestemmelsen fastslår at kommunens revisor som hovedregel har taushetsplikt om alt de får kjennskap til under utførelsen av sitt oppdrag for kommunen. Taushetsplikten gjelder ikke dersom det å gjøre opplysninger kjent, er en del av de oppgavene som revisor skal gjøre. Taushetsplikten vil derfor ikke være til hinder for at revisor rapporterer til og kommuniserer med kommunens kontrollutvalg, eller andre instanser i kommunen i samsvar med de regler og retningslinjer som gjelder for revisjonsarbeidet.”

Departementet kan etter dette ikkje sjå at lova § 78 nr. 7 er til hinder for at revisor uttalar seg i eit ope møte i kontrollutvalet.

Departementet vil på denne bakgrunnen føreslå å oppheve kommunelova § 77 nr. 8. Det vil etter dette følgje av kommunelova § 29 nr. 2 at føresegnene om møteoffentlegheit i kommunelova § 31 og § 31 a gjeld også for kontrollutvalet.

For nærare merknader til korleis ein skal forstå og praktisere § 31, viser departementet til Prop. 152 L (2009–2010), særleg s. 44–45.

3.2 Tidspunktet for val av kontrollutval

3.2.1 Gjeldande rett

Kommunelova § 77 nr. 1 første punktum fastset at kommunestyret sjølv vel kontrollutvalet.

Det følgjer av lova § 17 nr. 2 at formannskap, ordførar og varaordførar skal veljast på det konstituerande møtet. På dette møtet kan det òg veljast

andre kommunale nemnder, mellom anna kontrollutval.

Lova § 17 nr. 3 slår fast at nemndene – mellom anna kontrollutvalet – trer i funksjon frå det tidspunktet dei er valde.

Minst éin av medlemmene i kontrollutvalet skal veljast blant medlemmene i kommunestyret. Det følgjer av § 77 nr. 2 at medlemmer av nemnder med avgjerdsmynde er utelukka frå val til kontrollutvalet. Det er ikkje noko krav om å velje kontrollutvalet før ein vel nemndene. Ein del kommunar har val av kontrollutval som siste post på programmet ved konstitueringa av dei folkevalde organa. Dette er i seg sjølv ikkje i strid med lova. Det har likevel i nokre tilfelle ført til at kontrollutvalet har fått ei ulovleg samansetjing, fordi alle kommunestyrerepresentantane er ”brukte opp” i samband med val av nemndene, men ein har likevel ikkje halde omval. Dette har medført at fylkesmannen i slike tilfelle har erklært valet av kontrollutval ulovleg.

3.2.2 Høyringsnotatet

Arbeidsgruppa fremja denne tilrådinga (nr. 1): ”Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet, saman med formannskap og ordførar. På dette punktet bør kommunelova § 17 nr. 2 og 3 endrast.”

Arbeidsgruppa meinte dette ville sikre at kontrollutvalet fekk rett samansetjing.

Departementet var samd med arbeidsgruppa i at framlegget kunne medverke til å sikre at kontrollutvala får ei samansetjing som fyller krava i lova, dersom dei blir valde før kommunestyret vel andre nemnder.

Departementet gjorde framlegg om at kommunelova § 17 nr. 2 og 3 blir endra slik at val av kontrollutval blir ein obligatorisk del av det konstituerande møtet, og at kontrollutvalet trer i funksjon frå det konstituerande møtet.

3.2.3 Høyringa

Framlegget frå departementet har fått samrøystes oppslutning frå dei høyringsinstansane som har uttala seg om dette spørsmålet.

3.2.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til at det ikkje er kome innvendingar mot framlegget til endring av kommunelova § 17, og vil difor føreslå at lova blir endra slik at kontrollutvalet skal veljast på det konstitue-

rande møtet, og at det trer i funksjon frå det konstituerande møtet.

3.3 Valbarheit til kontrollutvalet

3.3.1 Gjeldande rett

Etter kommunelova § 14 nr. 1 bokstav b er desse personane utelukka frå val til kontrollutvalet:

- fylkesmannen og den assisterande fylkesmannen
- administrasjonssjefen i kommunen og den assisterande administrasjonssjefen (representant)
- sekretæren for kommunestyret
- leiarar av ei forvaltningsgrein i kommunen
- den som er ansvarleg for rekneskapsfunksjonen i kommunen
- den som reviderer kommunen

Etter § 77 nr. 2 er dessutan desse personane utelukka frå val til kontrollutvalet:

- ordføraren og varaordføraren
- medlemmer og varamedlemmer av formannskapet
- medlemmer og varamedlemmer av kommunale nemnder med avgjerdsmynde
- medlemmer av kommuneråd i kommunar med parlamentarisk styreform. Heller ikkje dei som er tilsette i sekretariatet til kommunerådet, kan veljast dersom dei har fått delegert mynde
- tilsette i kommunen

3.3.2 Høyringsnotatet

Arbeidsgruppa meinte at medlemmer av kommunestyrekomitear bør vere avskorne frå å sitje i kontrollutvalet. Gruppa tilrådde (tilråding nr. 6): "Av pedagogiske omsyn bør kommunelova § 77 nr. 2 endrast slik at medlemmer i kommunestyrekomitear etter kommunelova § 10a kjem med i opprekninga av kven som er avskorne frå val til kontrollutvalet."

Departementet sa seg samd med arbeidsgruppa i at medlemmer av kommunestyrekomitear og fylkestingskomitear ikkje bør kunne sitje i kontrollutvalet. Av pedagogiske omsyn bør dette presiserast i lovteksten, ved at medlemmer av kommunestyrekomitear blir nemnde i § 77 nr. 2 i oversikta over dei som er utelukka frå val til kontrollutval.

3.3.3 Høyringa

Av høyringsinstansane er 30 samde i framlegget. Bergen kommune er den einaste høyringsinstansen som går imot. Kommunen "anmoder departementet om å unnlate å ta inn i kommuneloven § 77 nr. 2 at medlem av kommunestyrekomité ikkje kan velges til kontrollutvalget."

3.3.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til den breie oppslutninga framlegget har fått i høyringa. Departementet vil difor tilrå at det i kommunelova § 77 nr. 2 blir presisert at medlemmer av kommunestyre er utelukka frå val til kontrollutvalet.

I tillegg vil departementet gjere framlegg om at varamedlemmer til kommunestyrekomiteane skal vere utelukka frå val til kontrollutvalet. Dette er for å få konsistens i regelverket. Varamedlemmer til kontrollutvalet er avskorne frå å kunne sitje i ein komité etter § 10a. Då bør også varamedlemmer til komiteane vere avskorne frå å kunne sitje i kontrollutvalet. I tillegg vil vi peike på at også varamedlemmer til formannskap og nemnder med avgjerdsmynde er utelukka frå val til kontrollutvalet.

3.4 Talet på medlemmer i kontrollutvalet

3.4.1 Gjeldande rett

Det følgjer av kommunelova § 77 nr. 1 at kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer. Dette er det same kravet som gjeld for faste utval, jf. kommunelova § 10 nr. 1.

3.4.2 Høyringsnotatet

Arbeidsgruppa kom med denne tilrådinga (nr. 5): "I kvar kommune bør ein gjennomføre ei drøfting av kor mange medlemmer det bør vere i kontrollutvalet."

Departementet viste i høyringsnotatet mellom anna til at det ynskjer aktive kontrollutval, som også nyttar høve til å ta opp forhold som kjem fram gjennom tips, oppslag i media og så bortetter. Det kan vere grunn til å tru at aktiviteten og kapasiteten til å drive kontrollverksemd i nokon grad kan vere påverka av kor mange medlemmer kontrollutvalet har.

Etter dette føreslo departementet å endre kommunelova § 77 nr. 1 andre punktum, ved at talet på medlemmer blir auka frå tre til fem.

Departementet bad høyringsinstansane særskilt om å få vite kva syn dei har på dette framlegget. Somme stader kan det kanskje by på problem å setje saman eit kontrollutval av motiverte personar som også oppfyller krava til valbarheit.

3.4.3 Høyringa

Av dei som uttalar seg om spørsmålet i høyringa, går 32 instansar inn for framlegget, medan 8 instansar går imot.

Dei som er imot, peikar mellom anna på at framlegget kan by på praktiske problem. *Fylkesmannen i Nordland* skriv i si fråsegn mellom anna:

”Departementet foreslår en lovendring om at kontrollutvalget nå skal ha ”*minst fem* medlemmer” mot tidligere ”*minst tre*”. Vi er enig i at et utvalg på bare tre medlemmer er sårbart, og blir veldig personavhengig. På den annen side har vi inntrykk av at mange kommuner sliter med å sette sammen et kontrollutvalg på fem medlemmer med de strenge valgbarhetsreglene som gjelder for dette organet. Kanskje særlig i små kommuner kan de få problemer med å finne medlemmer og varamedlemmer til et kontrollutvalg på fem medlemmer. Vi er derfor i tvil om det er riktig å sette et krav i loven om at kontrollutvalget skal ha fem medlemmer. Vi finner det mest hensiktsmessig at man lar kommunene selv bestemme hvorvidt de vil ha et kontrollutvalg på tre eller flere medlemmer.”

Også høyringsinstansar som støttar framlegget, kommenterte denne problemstillinga. *Sorum kontrollutvalg*, *Åsnes kontrollutvalg*, *Sør-Odal kontrollutvalg* og *Glåmdal sekretariat IKS* peika på at små kommunar kan ha problem med å ”fille opp” alle utval og komitear.

Nokre høyringsinstansar, mellom anna *Vang kommune* og *Hedmark fylkeskommune*, peikar på at det bør vere opp til kommunane sjølve å vurdere kor mange som bør sitje i kontrollutvalet. *Kommunerevisjon IKS (Valdres–Hallingdal)* meiner at kapasiteten og aktiviteten i kontrollutvalet ikkje blir vesentleg påverka av talet på medlemmer.

3.4.4 Vurderinga til departementet

Departementet var i høyringsnotatet merksam på at ein regel om minst fem medlemmer i kontrollutvalet somme stader kanskje kan skape problem med å setje saman eit kontrollutval av motiverte personar som også oppfyller krava til valbarheit.

Dei innvendingane som har kome mot framlegget i høyringsnotatet, må på denne bakgrunnen tilleggjast avgjerande vekt. Sjølv om det kan vere gode grunner til å ha minimum fem medlemmer i kontrollutvalet, er departementet oppteke av at regelverket ikkje blir eit uoverstigeleg praktisk problem for kommunane når dei skal velje kontrollutval. Kor mange medlemmer kontrollutvalet skal ha, bør etter dette vurderast lokalt i kvar kommune. Departementet vil difor ikkje gjere framlegg om at kontrollutvala skal ha minimum fem medlemmer.

3.5 Omsynet til at kontrollutvalet skal vere ubunde

3.5.1 Innleiing

I Ot.prp. nr. 17 (2008–2009) *om tillitskapende forvaltning mv.* kapittel 4.3 og 4.5 drøfta departementet spørsmålet om kontrollutvalet var ubunde. Dette temaet hadde vore reist i fleire representantforslag i Stortinget. Departementet konkluderte slik:

”Departementet er opptatt av at kontrollutvalgene skal være effektive og aktive tilsynsorganer med høy legitimitet lokalt. Departementet ser at kontrollutvalgets uavhengighet er avgjørende for å kunne utføre kontroll- og tilsynsarbeid på en troverdig måte. En utfordring for kontrollutvalgene er å balansere hensynet til uavhengighet på den ene siden og behovet for samarbeid med politiske og administrative organer i kommunen på den andre. Departementet mener at det ut fra informasjonen som foreligger, ikke synes å være behov for å foreslå lovendringer vedrørende kontrollutvalgets uavhengighet.

Det er etter departementets vurdering grunn til å advare mot å ha store forventninger til at enkeltstående lovendringer vil utløse vesentlig bedre kontrollarbeid i kontrollutvalgene og revisjonene. Departementet mener at oppmerksomheten heller bør rettes mot å bidra til at kontrollutvalgene kan fylle sin rolle. Dette er ikke først og fremst et spørsmål om regler, men antakelig mer et spørsmål om rolleforståelse, ressurstilgang og kompetanse samt vilje til å ta opp ubehagelige spørsmål. Og de mest egnede tiltakene for å styrke kontrollutvalgene og egenkontrollen generelt må antakelig gjennomføres lokalt.

Lov og forskrift gir kontrollutvalget viktige oppgaver og vide fullmakter til å løse dem. Det

vil i hver enkelt kommune være opp til medlemmene i kontrollutvalget å bidra til at utvalget fyller sin rolle. Men det vil også være opp til kommunestyret å gi kontrollutvalget gode arbeidsbetingelser gjennom sammensetning, budsjettildeling og sekretærbistand. Kommunestyret har også direkte påvirkning på innretningen av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen gjennom behandlingen av planene for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.”

Departementet gjorde i Ot.prp. nr. 17 (2008–2009) ikkje framlegg om å innføre reglar som avgrensa høvet kommunestyret har til å velje nytt kontrollutval. Departementet orienterte Stortinget om at det var sett ned ei arbeidsgruppe som skulle føreslå tiltak for å styrkje eigenkontrollen i kommunane. Arbeidsgruppa la i desember 2009 fram rapporten *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane*. Eitt av punkta i mandatet knytte seg direkte til spørsmålet om kontrollutvalet er tilstrekkeleg ubunde:

”Arbeidsgruppa skal vurderer om mindretalet i kommunestyret eller fylkestinget bør ha fleirtalet i kontrollutvalet, og om det vil vera tenleg om eit mindretal i kontrollutvalet fekk ein lovfesta rett til å be revisor gi ei vurdering av ei sak eller ei hending, og kor stort dette mindretalet eventuelt bør vera.”

I høyringsnotatet drøfta departementet på bakgrunn av tilrådingane frå arbeidsgruppa tre konkrete måtar kontrollutvalet kunne bli meir ubunde på, sjå kapitla 3.5.2 til 3.5.4 nedanfor.

3.5.2 Særskilde rettar for mindretalet i kontrollutvalet?

Spørsmålet om mindretalet i kontrollutvalet bør ha særskilde rettar til dømes til å krevje ei nærare undersøking, blei vurdert av departementet i Ot.prp. nr. 17 (2008–2009). Departementet føreslo ikkje å lovfeste slike rettar i proposisjonen, men peika på at spørsmålet ville bli vurdert av ei arbeidsgruppe. Fleirtalet i arbeidsgruppa som kom med dei 85 tilrådingane, ynskte ikkje å innføre særskilde rettar.

Departementet vurderte spørsmålet i høyringsnotatet, men gjorde heller ikkje denne gongen framlegg om særskilde rettar for mindretalet i kontrollutvalet. Departementet gav mellom anna uttrykk for at det ikkje er noko stort behov for ei

føresegn som gjev mindretalet særskilde rettar, og at ein bør vere varsam med å innføre reglar for å bøte på eit problem som verkar så lite. Som grunnlag for vurderinga peika departementet på rapporten *Kommunale kontrollutvalg. Uavhengighet eller flertallsdiktatur*, NF-rapport nr. 4/2007, frå Nordlandsforskning. I rapporten sa berre 5,1 prosent av dei spurde seg heilt eller delvis enige i ein påstand om at det politiske fleirtalet i kontrollutvalet blokkerer mindretalets høve til å ta opp saker i utvalet. Departementet var òg oppteke av at det grunnleggjande prinsippet er at vedtak blir gjorde med alminneleg fleirtal, og at det bør liggje føre tungtvegande grunnar om ein skal fråvike dette prinsippet. I høyringsrunden var det to høyringsinstansar som gav uttrykk for at mindretalet bør få særskilde rettar, medan 19 sa seg samde med departementet.

Departementet held på denne bakgrunnen fast ved vurderingane og konklusjonen i høyringsnotatet og gjer ikkje framlegg om særskilde rettar for mindretalet i kontrollutvalet.

3.5.3 Kven skal ha fleirtalet i kontrollutvalet?

Arbeidsgruppa som kom med dei 85 tilrådingane, blei beden om å vurdere om mindretalet i kommunestyret bør ha fleirtalet i kontrollutvalet. Arbeidsgruppa meinte at det ikkje er naudsynt med nasjonale føresegner om kven som skal ha fleirtal i kontrollutvala.

Departementet vurderte spørsmålet i høyringsnotatet, men meinte at det ikkje er eigna for lovregulering. Etter formannskapsmodellen vil det kunne vere svært vanskeleg å definere kva for parti eller grupperingar som utgjer ”posisjon” og ”opposisjon” i kommunestyret. Fleirtalet i kommunestyret vil kunne skifte frå sak til sak. I høyringsrunden var det ingen som gav uttrykk for eit ynske om ein slik regel, medan 18 sa seg einige med departementet.

Departementet held på denne bakgrunnen fast ved vurderingane og konklusjonen i høyringsnotatet og gjer ikkje framlegg om lovendingar i dette spørsmålet. Departementet viser òg til at det ikkje er noko krav i lova om at medlemmene i kontrollutvalet høyrer til eit politisk parti og såleis kan tenkjast å bli knytt til anten eit fleirtal eller eit mindretal i kommunestyret. Slik bør det framleis vere, og også av den grunnen bør ikkje lova seie noko om kven som skal ha fleirtalet i kontrollutvalet.

3.5.4 Bør personar knytte til kommunale selskap kunne veljast til kontrollutvalet?

Det er stilt strenge krav til dei som kan veljast til kontrollutvalet. Personar som er knytte til kommunale eller interkommunale selskap, er likevel ikkje utelukka frå val, til dømes leiarar og styremedlemmer i selskap som kommunen eig fullt ut. Arbeidsgruppa drøfta om leiarar og styremedlemmer i kommunalt åtte selskap burde utelukkast frå val til kontrollutvalet. Arbeidsgruppa la vekt på at ingen må kome i ein situasjon der dei kontrollerer seg sjølve eller ei verksemd dei sjølve leier eller er medansvarlege for, og konkluderte med at kommunelova burde endrast slik at leiarar og styremedlemmer i kommunalt åtte selskap ikkje kan sitje i kontrollutvala.

I høyringsnotatet var departementet skeptisk til å innføre slike avgrensingar i kven som kan veljast til kontrollutvalet. Prinsipielt burde verva i folkevalde organ vere opne for flest mogleg av innbyggjarane. Praktiske omsyn talar òg for at ein ikkje utelukkar grupper frå val. Dersom ein skulle løyse alle tenkjelege rollekonfliktar ved å utelukke grupper frå val, ville det bli vanskeleg å skaffe dugelege og motiverte folk til verva. Dersom habilitetsreglane er tilstrekkelege til å oppnå rolleklårleik, meiner departementet at særskilde grupper ikkje bør utelukkast frå val. Departementet la i høyringsnotatet til grunn at kommunane er velkjende med habilitetsreglane. Sjølv om reglar om valbarheit kan vere enklare å praktisere, er dette ikkje eit avgjerande omsyn i departementets vurdering.

Spørsmålet om korleis ein skal vege mellom omsynet til rolleklårleik og omsynet til at verva skal vere opne for flest mogleg, kjem på spissen når det gjeld kontrollutvala. På den eine sida har kontrollutvalet oppgåver som krev at utvalsmedlemmene er ubundne av kommunen. Dette er naudsynt for å sikre legitimitet i kontrollarbeidet,

og difor har vi i dag strenge reglar om valbarheit. På den andre sida er det ein stor fordel at kontrollutvalet har medlemmer med fagkunnskap og motivasjon i kontrollarbeidet. I den samanhengen er det uheldig dersom ein stor del av innbyggjarane er utelukka frå val, fordi det fører til at det er færre personar å velje blant.

Dersom selskapet blir å rekne som part i ei sak om selskapskontroll, vil leiarar og styremedlemmer i selskapet bli inhabile, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Elles blir det snakk om å vurdere om "andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet", jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

I Ot.prp. nr. 50 (2008–2009) gjorde departementet i kapittel 6.7 greie for nokre typetilfelle der ein la til grunn at styremedlemmer og leiarar i kommunalt åtte selskap ville bli inhabile som følge av regelendringa. Departementet la til grunn at selskapet som hovudregel ville bli rekna som part dersom det er aktuelt å gjennomføre kontrollhandlingar retta mot selskapet, slik som selskapskontroll. Dersom det gjennom slike kontrollhandlingar blir kravd innsyn i selskapet, kan det heller ikkje vere tvil om at selskapet er part. Som utgangspunkt vil også selskapet vere part når kommunen handsamar sjølve planen for gjennomføring av selskapskontroll, jf. kontrollutvalsforskrifta § 13 andre ledd.

Eit fleirtal av dei som uttalar seg om spørsmålet i høyringa, er samde i departementets vurdering, men det er òg eit stort mindretal, mellom anna KS, som går inn for å utelukke leiarar og styremedlemmer i kommunale selskap frå val til kontrollutvalet. Innvendingane som kom i høyringa, dreiar seg om ei anna vekting av omsyna og er elles vurderte i høyringsnotatet. Departementet meiner at omsynet til legitimiteten til kontrollutvalet og til at utvalet skal vere ubunde, blir sikra av habilitetsreglane, og vil ikkje gjere framlegg om å utelukke ei ny gruppe innbyggjarar frå val til kontrollutvalet.

4 Revisjon og selskapskontroll

4.1 Kvitvaskingslova

4.1.1 Gjeldande rett

Føremålet med kvitvaskingslova er å "forebygge og avdekke transaksjoner med tilknytning til utbytte av straffbare handlinger eller med tilknytning til terrorhandling", sjå lov 6. mars 2009 nr. 11 om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering osv. § 1. Den som er registrert eller statsautorisert revisor, har plikt til å rapportere ved mistanke om at ein transaksjon er knytt til utbytte av ei straffbar handling, sjå nærare kvitvaskingslova §§ 18, jf. 17 og § 4 andre ledd nr. 1.

Det er ikkje eit krav at den som reviderer kommunale rekneskapar, skal vere registrert eller statsautorisert revisor, sjå revisjonsforskrifta § 11. Oppdragsansvarleg revisor i kommunal sektor skal ha utdanning som svarar til krava til registrert eller statsautorisert revisor, medan praksiskravet er eit anna. Departementet legg til grunn at langt frå alle tilsette eller oppdragsansvarlege kommunerevisorar er registrerte eller statsautoriserte revisorar som har rapporteringsplikt etter kvitvaskingslova.

4.1.2 Høyringsnotatet

Arbeidsgruppa kom med denne tilrådinga (nr. 82): "Departementet bør avklare i kva grad kommunale revisorar kan og skal melde frå i tråd med krava i kvitvaskingslova."

Departementet viste i høyringsnotatet til at registrerte og statsautoriserte revisorar har rapporteringsplikt etter kvitvaskingslova. Kvitvaskingslova er eit viktig verkemiddel i kampen mot økonomisk kriminalitet. Kommunane kjøper inn varer og tenester for over 80 milliardar kroner kvart år, fordelt på svært mange transaksjonar og leverandørar. Etter departementet si vurdering kunne dette tale for at ansvarleg rekneskapsrevisor i kommunar og fylkeskommunar bør vere rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova.

Rapporteringsplikt for ansvarlege rekneskapsrevisorar i kommunar og fylkeskommunar vil føre

til at same rapporteringsplikt gjeld anten til dømes eit IKS blir revidert av ein kommunal eller av ein privat revisor. Med andre ord vil valet mellom IKS og AS som selskapsform ikkje ha noko å seie for om kvitvaskingslova gjeld. Dersom ansvarlege rekneskapsrevisorar i kommunane blir inkluderte i lista av rapporteringspliktige i kvitvaskingslova § 4, får dei plikt til kundekontroll og jamleg oppfølging av kundane sine.

I tillegg vil ansvarlege revisorar ha plikt til å undersøkje dersom dei har mistanke om at ein transaksjon er knytt til kvitvasking eller terrorfinansiering, jf. § 17. Dersom undersøkinga ikkje avkreftar mistanken, vil den ansvarlege rekneskapsrevisoren måtte rapportere dette til Økokrim, jf. § 18. Departementet føreslo i høyringsnotatet at "oppdragsansvarlig regnskapsrevisor for kommune eller fylkeskommune" skulle takast inn i opprekinga av rapporteringspliktige i kvitvaskingslova § 4 andre ledd som eit tillegg i nr. 1.

4.1.3 Høyringa

Av dei som uttalar seg om spørsmålet i høyringa, går 29 instansar inn for framlegget, medan éin instans går imot.

Nord-Odal kommune går imot framlegget fordi revisor bør rapportere mistanke om ulovlege tilhøve til kommunestyret, ikkje til Økokrim.

Ålesund kommune ser det "som en fordel at kommunale revisorer får samme plikter om kontroll og rapportering som privat sektor". *Den norske Revisorforening* viser til at kvitvaskingslova er "viktig for å forhindre økonomiske misligheter". *Hedmark Revisjon IKS* kan vanskeleg sjå at "kommunen som et rent forvaltningsorgan vil være med å hvitvaske eller terrorfinansiere", men meiner at auka bruk av OPS-samarbeid og konkurranseutsetjing kan føre til at kommunerevisor må følgje opp føresegnene i kvitvaskingslova.

NKRF meiner at rapporteringsplikta etter kvitvaskingslova ikkje berre bør gjelde for rekneskapsrevisor, men også for oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor.

4.1.4 Framlegget frå departementet

Departementet merkar seg at framlegget fekk tilslutning i høyringa.

Departementet strekar under at ei rapporteringsplikt til Økokrim ikkje kjem i staden for rapporteringspliktene som følgjer av kommunelova og revisjonsforskrifta.

Departementet har vurdert fråsegna frå *NKRF* om at rapporteringsplikta etter kvitvaskingslova ikkje berre bør gjelde for rekneskapsrevisor, men også for oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor. Departementet legg til grunn at det generelt er ynskjeleg å ikkje strekkje plikter lenger enn naudsynt. Forvaltningsrevisjon er i revisjonsforskrifta § 7 definert som "systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar". Departementet kan ikkje sjå at det vil vere aktuelt å rapportere etter kvitvaskingslova ved forvaltningsrevisjon. Departementet legg til grunn at det i det store og heile berre vil vere i samband med revisjon av rekneskapa at ein vil kunne kome over situasjonar der rapportering etter kvitvaskingslova er aktuelt. Departementet vil difor ikkje føreslå at rapporteringsplikta skal omfatte oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor.

Departementet held etter dette fast ved framlegget i høyringsnotatet og føreslår at den som har ansvaret for revisjon av rekneskapa for kommune eller fylkeskommune skal ha plikt til å rapportere etter kvitvaskingslova. Ordlyden i framlegget er noko endra samanlikna med høyringsnotatet. Denne endringa er gjort på bakgrunnen av at forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v. § 2 andre ledd knyter uttrykket "oppdragsansvarleg revisor" kun til interkommunale revisjonseiningar eller revisjonsselskap, og ikkje til kommunalt tilsette revisorar. Det er meininga at også kommunalt tilsette revisorar som har ansvaret for å revidere rekneskapa, skal vere omfatta av rapporteringsplikta.

4.2 Kontrollutvalets rett til innsyn i selskap

4.2.1 Kva for selskap kan kontrollutvalet krevje innsyn i?

4.2.1.1 Gjeldande rett

Kontrollutvalet (og revisor) har med heimel i kommunelova § 80 første ledd rett til innsyn hjå desse gruppene av selskap:

- interkommunale selskap oppretta i medhald av IKS-lova
- heilåtte kommunale aksjeselskap og heilåtte dotterselskap til slike selskap

Innsynsretten omfattar både retten til å krevje dei opplysningane som ein meiner er nødvendige, og retten til å gjere undersøkingar i selskapet.

Føresegnene om innsynsrett for kontrollutvalet tilsvaerar den retten Riksrevisjonen har i selskap der staten eig alle aksjane, og i heilåtte dotterselskap til slike selskap, jf. aksjelova § 20-7. Departementet viser i denne samanhengen til fråsegner i forarbeida til kommunelova § 80 (Ot.prp. nr. 70 (2002–2003), kapittel 5.3.3 og kapittel 11). I forarbeida blir det presisert at innsynsretten ikkje gjeld i selskap der andre enn kommunar – private eller staten – er medeigarar. Ein slik innsynsrett ville gje kommunane ein særrett i forhold til andre eigarar (proposisjonen side 74).

Kommunelova § 80 regulerer uttømmmande kva for selskap kontrollutvalets innsynsrett omfattar. Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 fell utanfor verkeområdet til føresegna.

Selskapskontroll er heimla i kommunelova § 77 nr. 5. Selskapskontroll kan i prinsippet gjennomførast i alle typar selskap, men utan den vide innsynsretten etter § 80.

4.2.1.2 Høyringsnotatet

Arbeidsgruppa uttala at kommunelova § 80 ikkje seier noko om selskapskontroll med samarbeid etter kommunelova § 27. Kommunen har uavkorta innsyn så lenge samarbeidet etter § 27 ikkje er eige rettssubjekt, men kommunelova § 27 blir òg nytta til ulike typar verksemdar som er sjølvstendige rettssubjekt. Kommunelova § 80 gjev heller ikkje rett til innsyn i stiftingar som kommunen har teke initiativ til eller er knytt til på annan måte, til dømes gjennom rett til å velje styremedlemmer. Arbeidsgruppa meinte at det bør vere høve til innsyn i samarbeid etter kommunelova § 27 som er eige rettssubjekt. Arbeidsgruppa meinte vidare at det er sjølv sagt at innsynsretten også gjeld heilåtte døtrer av dotterselskap. Dette bør kome fram i lovteksten.

Departementet fann ingen tungtvegande grunnar som skulle tilseie at det er ulike reglar om innsynsrett i interkommunale selskap etter IKS-lova og interkommunale samanslutningar etter kommunelova § 27, og føreslo difor at innsynsretten i § 80 skal vere den same for begge typane samarbeidsordningar. Departementet gjekk ut frå at innsynsretten var meint å gjelde alle selskap som er

heilåtte av dei selskapa som er nemnde i lovteksten i dag, også dotterdatterselskap, sjølv om dette ikkje kjem tydeleg fram i lovteksten. Innsynsretten bør òg gjelde i dei tilfella eit selskap er fullt ut ått i fellesskap av kommunar og slike selskap som er nemnde.

Føremålet til departementet var såleis at alle aksjeselskap som er heilåtte av kommunen/fylkeskommunen eller kommunar/fylkeskommunar, anten direkte eller indirekte gjennom dotter-selskap i eitt eller fleire ledd, skal vere omfatta av føresegna. Det same gjeld aksjeselskap som er indirekte åtte gjennom eit interkommunalt selskap (IKS).

Departementet føreslo at ordlyden i § 80 blir endra slik at paragrafen også skal gjelde for interkommunale styre etter § 27 og i aksjeselskap der ein kommune eller fylkeskommune åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar. Føremålet med framlegget var å slå fast at alle aksjeselskap som er heilåtte av kommunen/fylkeskommunen, anten direkte eller gjennom dotter-selskap i eitt eller fleire ledd, skal vere omfatta av føresegna.

4.2.1.3 Høyringa

Ingen av høyringsinstansane gjekk imot framlegget frå departementet.

4.2.1.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til det som er uttala i høyringsnotatet, og den breie tilslutninga til framlegget. Lova bør endrast slik at innsynsretten etter kommunelova § 80 blir utvida til å gjelde for interkommunale styre etter kommunelova § 27, og for alle aksjeselskap som er fullt ut åtte av kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap, anten direkte eller gjennom dotter-selskap i eitt eller fleire ledd.

4.2.2 Bør overskrifta i kommunelova § 80 endrast?

4.2.2.1 Gjeldande rett

Overskrifta til kommunelova § 80 lyder: "Selskapskontroll".

Paragrafen gjev i første ledd reglar om den retten kontrollutvalet/revisor har til å krevje opplysningar frå selskap som ledd i ei gjennomføring av selskapskontroll. I tillegg har kontrollutvalet og

revisor heimel til å kunne gjere naudsynnte undersøkingar i selskapet. Denne innsyns- og undersøkingsretten er avgrensa til å gjelde overfor

- interkommunale selskap oppretta i medhald av IKS-lova
- aksjeselskap der kommunar/fylkeskommunar eig alle aksjane, og heilåtte dotter-selskap til slike selskap

Andre ledd i paragrafen opnar for at kommunestyret kan fastsetje reglar om kontrollen med dei interessene kommunen har i selskapa. Tredje ledd handlar om den retten kontrollutvalet/revisor har til å bli varsla og kunne vere til stades på generalforsamling i selskapa og møte i representantskap og tilsvarande organ. Sjølv om kommunelova § 80 har reglar med nær tilknytning til gjennomføring av selskapskontroll, inneheld paragrafen ingen heimel for slik kontroll. Dette er ein heimel for innsyn og undersøkingar i dei selskapa som er nemnde i første ledd i paragrafen. Heimelen for selskapskontroll ligg i kommunelova § 77 nr. 5.

Departementet understrekar at heimelen for selskapskontroll gjeld fleire selskap enn dei som blir omfatta av innsynsretten etter § 80.

4.2.2.2 Høyringsnotatet

Arbeidsgruppa peika på at overskrifta til § 80 er misvisande fordi føresegna gjev ein rett til innsyn og ikkje er ein heimel eller eit pålegg om å føre kontroll. Arbeidsgruppa tilrådde (tilråding nr. 67): "Overskrifta i kommunelova § 80 bør endrast slik at ho dekkjer innhaldet i føresegna. Ein aktuell ordlyd kan vere: 'Innsyn i selskaper mv.'"

Departementet sa seg samd med arbeidsgruppa i at overskrifta til § 80 kan bli oppfatta som ein særskild heimel for selskapskontroll og dermed vere misvisande. Overskrifta bør endrast slik at ho dekkjer det reelle innhaldet i føresegna. Departementet viste til at føresegna i tillegg til innsynsretten også gjev rett for kontrollutval/revisor til å gjere undersøkingar i selskapa. Dette bør gå fram av overskrifta.

Departementet føreslo difor at overskrifta i § 80 blir endra til: "Innsyn og undersøkelser i selskaper".

4.2.2.3 Høyringa

Ingen av høyringsinstansane gjekk imot framlegget frå departementet.

4.2.2.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til det som er uttala i høyringsnotatet, og den breie tilslutninga til framlegget. Lova bør endrast slik at overskrifta til kommunelova § 80 blir i samsvar med innhaldet i paragrafen.

4.3 Om reglane om selskapskontroll

4.3.1 Gjeldande rett

Kommunelova § 77 nr. 5 fastset: "Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper m.m." Det går fram av ordlyden i lova at selskapskontroll er ei obligatorisk oppgave for kontrollutvalet.

Forskrifta om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (forskrift av 15. juni 2004 nr. 905) har eit eige kapittel (kapittel 6, §§ 13–15) om selskapskontroll. Forskrifta § 14 handlar om innhaldet i selskapskontrollen. Det går fram av forskrifta at kontrollen kan ha to delar: eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Eigarskapskontroll er ein obligatorisk del av selskapskontrollen. I forskrifta § 14 første ledd blir eigarskapskontroll definert som "[...] kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger".

Eigarskapskontrollen omfattar ein kontroll av at den som forvaltar kommunens eigarinteresser, gjer dette innanfor ramma av den aktuelle lova, til dømes aksjelova, jf. departementet sine merknader til forskrifta § 14 i rundskriv H-15/04. Dette kjem i tillegg til ei vurdering av om eigarskapet blir utøvd i samsvar med kommunens vedtak og føresetnader.

I tillegg til eigarskapskontroll kan selskapskontrollen òg omfatte forvaltningsrevisjon, jf. kontrollutvalsforskrifta § 14 andre ledd. Dette er ikkje ein obligatorisk del av kontrollen og vil kunne fastsetjast av kommunen. Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre "systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger", jf. kommunelova § 77 nr. 4 og revisjonsforskrifta (forskrift av 15. juni 2004 nr. 904) § 7.

Det sentrale ved forvaltningsrevisjon vil vere ei vurdering av om resultatata som det konkrete selskapet oppnår, er i samsvar med vedtak og føre-

setnader frå dei øvste folkevalde organa. Kva for element som inngår i eit forvaltningsrevisjonsprosjekt, vil avhenge av føremål og problemstilling for det einskilde prosjektet. Kontrollutvalet fastset sjølv kven som skal utføre selskapskontrollen på vegner av det. Det kan vere revisjonen eller sekretariatet for utvalet når det gjeld eigarskapskontroll, jf. kontrollutvalsforskrifta § 13 tredje ledd.

4.3.2 Høyringsnotatet

Arbeidsgruppa tilrådde (tilråding nr. 61): "Departementet bør klargjere bruken av omgrepa om selskapskontrollen i kontrollutvalsforskrifta og revisjonsforskrifta."

Arbeidsgruppa uttala at dei har registrert ei uvisse kring omgrepa i selskapskontrollen og meinte det trengst ei opprydding i korleis omgrepa blir nytta i forskriftene. Arbeidsgruppa tilrådde at kontrollutvala bør arbeide vidare med å utvikle selskapskontroll til å bli ein like sjølvsgd del av eigenkontrollen som rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. I denne prosessen kan kontrollutvala først og fremst lære av kvarandre.

Departementet peika på at det i stor grad vil vere opp til kommunane å fastsetje dei nærare rammene for gjennomføringa av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskapa. Regelverket gjev kontrollutvalet stor fridom til å setje premissane for selskapskontrollen. Etter departementet sitt syn bør det òg vere slik. Departementet meinte difor at det vil vere lite tenleg, og lite ynskjeleg, å fastsetje detaljerte reglar om innhaldet i selskapskontroll og korleis ein slik kontroll skal gjennomførast. Departementet viste elles til at rapporten frå arbeidsgruppa etter departementet si meining gjev eit godt bidrag til ei nærare forståing av kva som bør vere innhaldet i selskapskontrollen.

4.3.3 Høyringa

Høyringsinstansane er delte i synet her. 15 støtter støttar departementets syn, medan 15 – blant dei *Forum for Kontroll og Tilsyn* og *Den norske Revisorforening* – ynskjer ei nærare avklåring. Dei som ynskjer ei avklåring, peikar på behovet for ei felles forståing av kva selskapskontroll er, og at utviklinga av faget selskapskontroll blir ståande still på grunn av uklårleikar.

4.3.4 Framlegget frå departementet

Departementet registrer at høyringsinstansane er delte i synet på om det bør fastsetjast klårgjerande

reglar. Halvparten av dei som har uttala seg, er imot slike reglar, medan den andre halvparten er for.

Departementet meiner at dei beste grunnane tilseier at kommunane bør ha handlingsrom til å fastsetje rammene for dei selskapskontrollane dei ynskjer å gjennomføre. Det vil vere lite tenleg, og lite ynskjeleg, å gje regler som i detalj fastset inn-

haldet i selskapskontrollar og korleis dei skal gjennomførast. Slike reglar kan setje for tronge rammer for kommunane og kontrollutvala. Det bør vere opp til kommunane å definere kva for selskapskontrollar dei ynskjer å setje i verk, og korleis dei skal gjennomførast. Departementet viser elles til det som er sagt i høyringsnotatet.

5 Rapportering i årsmeldinga om arbeidet med internkontrollen

5.1 Gjeldande rett

Årsmeldinga til kommunen er eit viktig dokument, jf. kommunelova § 48 nr. 5:

”I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen.”

Det er ikkje sett noko særskilt krav om at administrasjonssjefen skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om internkontrollen, men etter ei lovendring i 2009 skal kommunane gjere greie for ”tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard i virksomheten”. I forarbeida til denne lovendringa er rapporteringa om internkontrollen teken opp, jf. Ot.prp. nr. 17 (2008–2009) kapittel 12.1:

”Der hvor administrasjonssjefen for eksempel har arbeidet med å forbedre sin internkontroll eller hvor kontrollutvalget har fått gjennomført forvaltningsrevisjoner på områder av betydning for kommunens tillit og omdømme, kan dette være relevant å nevne i årsberetningen.”

5.2 Høyringsnotatet

Arbeidsgruppa meinte at ”dei folkevalde har ei sjølvsgd interesse i internkontrollen fordi internkontrollen heng saman med kvalitetsarbeidet og kvalitetsutviklinga i kommunen”. Arbeidsgruppa rådde til at administrasjonssjefen burde rapportere om arbeidet med internkontrollen overfor kommunestyret:

”Ei slik rapportering vil vere viktig ved å drive fram ei utvikling av internkontrollen i kommunane over tid. [...] Departementet bør vurdere

korleis eit slikt krav om rapportering kan utformast og takast inn i kommunelova.”

Departementets vurdering i høyringsnotatet tok utgangspunkt i at det bør vere interessant for eit kommunestyre å ha kjennskap til korleis administrasjonssjefen arbeider med internkontroll. Likevel meinte departementet at det burde vere opp til kvart kommunestyre å vurdere om administrasjonssjefen skal rapportere om dette arbeidet i årsmeldinga. Departementet ville difor ikkje følge tilrådinga frå arbeidsgruppa om å lovfeste eit krav om rapportering til kommunestyret om arbeidet med internkontrollen.

Dersom administrasjonssjefen finn fram til eigna måtar å rapportere til dei folkevalde om internkontrollen på, vil det vere tenleg om gode døme blir spreidde. Departementet peika på at rapportering om internkontroll kan sjåast som eit element i rapporteringa om etikk, jf. kommunelova § 48 nr. 5.

5.3 Høyringa

I høyringsnotatet føreslo departementet ikkje eit krav om rapportering til kommunestyret om arbeidet med internkontrollen. Av dei 25 som uttaler seg om spørsmålet, er 11 instansar samde i departementets vurdering i høyringsnotatet, medan 14 instansar vil ha eit slikt krav om rapportering. Blant dei som går inn for eit krav om rapportering om internkontrollarbeidet, er *Norges Kommunerevisorforbund*, *Statens Helsetilsyn*, *Forum for Kontroll og Tilsyn* og *Den norske Revisorforening*.

Den norske Revisorforening peikar i si fråsegn på at det ”gjøres mye bra arbeid med internkontroll, men det mangler ofte en helhetlig oppfølging”. Dei peikar vidare på at ei rapportering vil gje dei folkevalde høve til å følgje opp administrasjonssjefens arbeid. På grunnlag av at den interne kontrollen i aksje- og finanslovgevinga (privat sektor) er blitt styrkt, er DnR ”forundret over at

departementet ikke følger opp arbeidsgruppens forslag” om ei tilsvarande styrking i kommunelova.

Norges Kommunerevisorforbund meiner at kravet om årleg rapportering bør gå fram av forskrift om årsregnskap og årsberetning.

Asker kommune viser til at eit slikt krav om rapportering om internkontrollarbeidet er innarbeidd i kommunen som ledd i ISO-sertifiseringa av kommunen. Asker kommune meiner at eit krav om å rapportere om internkontrollarbeidet kan ”medvirke til at det legges grunnlag for en bredere sammenlikning mellom kommunene om målbarhet av internkontroll”, og at ein såleis kan ”få innsikt i andre kommuners arbeid med tiltak som virker positivt på utvikling av rutiner som resulterer i god internkontroll”.

Riksrevisjonen tek i si høyringsfråsegn ikkje stilling til departementets vurdering i høyringsnotatet. Riksrevisjonen skriv:

”Riksrevisjonen har gjennom flere revisjoner funnet svakheter i kommunenes internkontroll og gjennomfører nå en forvaltningsrevisjon som blant annet belyser kommunenes internkontroll. Kommuneloven stiller i liten grad krav til internkontroll i kommunene utover at den skal være tilstede. I flere særlover er det gjennom forskrift stilt detaljerte krav til innholdet i internkontrollen. Få krav til internkontroll i kommuneloven kan gjøre det vanskelig for revisjonen å vurdere internkontrollen.”

5.4 Framlegget frå departementet

Departementet har vurdert spørsmålet på nytt etter høyringa. Den prinsipielle grunngjevinga for ikkje å innføre eit krav om rapportering som departementet gav i høyringsnotatet, er framleis relevant. Vidare er det på det reine at kommunelova § 48 nr. 5 allereie omfattar ei lang rekkje perspektiv som årsmeldinga skal seie noko om, mellom anna likestilling mellom kjønna, universell utforming, etikk og diskriminering.

Departementet har merka seg at eit krav om rapportering om internkontrollarbeidet har fått støtte i høyringa. Av dei som uttala seg om spørsmålet, gjekk eit lite fleirtal inn for å innføre eit krav om rapportering. Grunngjevinga i desse høyringsfråsegnene viser at eit krav om rapportering kan få positive verknader i kommunane.

Departementet viser til at kravet om forsvarleg (”betryggende”) kontroll i kommunelova § 23 nr. 2 gjeld heile verksemda. Arbeidet med internkontrollen vil vere vesentleg for kommunane og fylkeskommunane. Etter departementets vurdering verkar arbeidet med å etablere og halde forsvarleg kontroll som eit meir sentralt tema å omtale i årsmeldinga enn fleire av dei spesifikke faktorane som det i dag skal rapporterast om. Etter departementets vurdering kan eit krav om rapportering vere med på å støtte opp under og synleggjere det arbeidet som kommunane og fylkeskommunane gjer med å utvikle internkontrollen.

NKRF støtta kravet om rapportering, men ville heller at det skulle heimlast i forskrift om årsregnskap og årsberetning. Departementet viser til rekka med krav i kommunelova § 48 nr. 5 til rapportering i årsmeldinga, og meiner at også eit krav om rapportering om internkontrollarbeidet bør stå her. Rapporteringa om arbeidet med internkontrollen vil ikkje vere omfatta av dei opplysningane som revisor har plikt til å kontrollere, jf. kapittel 2 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Riksrevisjonen viser i si fråsegn til at revisor kan ha vanskeleg for å vurdere internkontrollen dersom det blir stilt få eksplisitte krav. Departementet vil streke under at føremålet med betre styring og kontroll i kommunane er betre tenester og korrekte avgjerder.

Eit krav om rapportering om arbeidet med internkontrollen i årsmeldinga til kommunen er meint som eit verkemiddel til å setje arbeidet med internkontroll på dagsordenen lokalt. Gjennom rapporteringa vil kommunestyret få informasjon og med det òg høve til å drøfte internkontrollarbeidet i kommunen. Ein må kunne vente at kontrollutvalet vil vere oppteke av denne rapporteringa, men rapporteringa vil også gje administrasjonssjefen høve til å trekkje med seg heile organisasjonen og leiarane sine i arbeidet med å presentere internkontrollarbeidet og planar for framtida.

Departementet vil difor no føreslå å innføre eit krav om rapportering om internkontrollen i årsmeldinga til kommunen ved å føye til ”betryggende kontroll” i § 48 nr. 5 andre setning.

6 Kommunale føretak

6.1 Opne møte i styret i kommunalt føretak

6.1.1 Gjeldande rett

Det følgjer av kommunelova § 68 nr. 5 at styret i kommunale føretak held møta sine for lukka dører dersom ikkje kommunestyret har fastsett noko anna i vedtektene. I vedtektene kan kommunestyret til dømes fastsetje som alminneleg regel at møta skal vere opne, eller at berre visse saker skal handsamast i lukka møte. Styret kan likevel aldri ha opne møte dersom det skal handsame opplysningar som er underlagde teieplikt, eller dersom det skal handsame ei sak som gjeld tenestlege tilhøve til ein arbeidstakar, jf. § 68 nr. 5.

Kapitlet om kommunale føretak i kommunelova tok til å gjelde 1. januar 2000. Når det gjeld spørsmålet om opne og lukka møte, uttala departementet i forarbeida (Ot.prp. nr. 53 (1997–1998), s. 70–71):

”I forslaget til regler om kommunalt foretak ligger det at organisasjonsformen er søkt tilpasset mer forretningspreget virksomhet. I slike virksomheter vil behovet for å holde styremøtene for lukkede dører normalt være større enn i alminnelige politiske organer. Dersom et kommunalt foretak skal kunne tjene som en mulig organisasjonsform for kommunal næringsvirksomhet, bør den ha tilnærmet samme rammebetingelser som eventuelle private konkurrenter. Det vil normalt heller ikke ha samme interesse for allmennheten å være til stede ved møtene i driftsledelsen for kommunens forretningsmessige foretak.

[...]

Departementet har vært i tvil om utgangspunktet for kommunale foretak skal være at styremøtene skal gå for lukkede dører. Vi har imidlertid blitt stående ved utvalgets forslag. Ved denne vurderingen har vi lagt vekt på at de kommunale foretakene primært er tenkt som en organisasjonsform der behovet for å lukke dørene normalt vil være større enn for tradisjonell forvaltningsvirksomhet. Dersom foreta-

kene selv skulle gis mulighet til å lukke dørene er det grunn til å tro at det ville bli gjort i relativt stor grad. Det ville således kunne gi et skjævt bilde av den reelle situasjonen dersom loven skulle fastslå at møtene er lukket. Utvalgets forslag om at møtene som utgangspunkt skal være lukket, men med adgang til å fastsette i vedtektene at møtene skal holdes for åpne dører, samsvarer etter departementets oppfatning best med de hensyn som gjør seg gjeldende.”

6.1.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet viste departementet til endringane frå desember 2010 i den alminnelege føresegna om opne og lukka møte i kommunelova § 31, jf. Prop. 152 L (2009–2010). Ved også å vurdere kommunelova § 68 nr. 5 vil departementet ha gjort ein heilskapleg gjennomgang av alle føresegnene i kommunelova om opne og lukka møte.

Departementet tok i høyringsnotatet utgangspunkt i at openheit i kommunar er med på å skape tillit til kommunal verksemd og å styrkje lokaldemokratiet. Kommunale føretak er ein del av kommunen. Det er difor viktig at også dei delane av kommunen som er organiserte som kommunale føretak, driv verksemda si på ein tillitvekkjande måte.

I høyringsnotatet gav departementet uttrykk for at den gjeldande føresegna går lenger enn omsynet bak regelen tilseier, og lenger enn naudsynt. Sjølv om organisasjonsmodellen kommunale føretak er tilpassa meir forretningsprega verksemd, er han ikkje avgrensa til berre å gjelde for slik verksemd. Hovudregelen om lukka møte i kommunale føretak skil ikkje mellom kva slags verksemd føretaket driv; alle møta er lukka om ikkje kommunestyret har vedteke noko anna. Det inneber at også føretak som i liten eller ingen grad driv forretningsprega verksemd, kan ha styremøta bak lukka dører.

Departementet føreslo at styremøte som hovudregel skal vere opne, og vurderte i kva omfang føretaka skal ha høve til å fråvike hovudregelen, særleg med tanke på omsynet til

forretningsverksemda til føretaket. I vurderinga trekte departementet fram kommunelova § 31 nr. 5, som regulerer høvet folkevalde organ har til å lukke møte når omsynet til tungtvegande offentlege interesser tilseier det. Departementet konkluderte med at § 31 nr. 5 gjev ein fornuftig balanse mellom omsynet til at allmenta skal kunne få innsyn i kommunal verksemd, og behovet den kommunale verksemda har for å skjjerme visse opplysningar.

6.1.3 Høyringa

Av dei som uttalar seg i høyringa, går 30 instansar inn for framlegget, medan éin er klårt imot.

Ålesund kommune uttalar:

”Ålesund bystyre er enig i større åpenhet rundt foretakenes styrearbeid. Det er store offentlige midler som forvaltes gjennom ulike foretak, og det er kommunen som står som formell eier. Åpenhet er viktig, og det vil være regler som sikrer lukket behandling der det er nødvendig.”

Hedmark fylkeskommune meiner at spørsmålet inneheld nokre vanskelege avvegingar, men finn det naturleg å leggje mest vekt på hovudomsyn om openheit i all kommunal verksemd.

KS Bedrift uttalar:

”KS Bedrift ser åpenhet som viktig for den virksomhet våre medlemmer driver. Mange av våre medlemmer har allerede i dag en praksis med stor åpenhet rundt sin virksomhet. Vi støtter derfor forslaget på dette punkt.

Det ligger likevel i sakens natur at mange av disse selskapene driver en forretningsmessig virksomhet som bl.a. er i konkurranse med andre. For havnene er det for eksempel i den nye havneloven understreket at en skal drive konkurransedyktig sjøtransport, med andre ord på forretningsmessige prinsipper. Det er derfor viktig at det vil være enkelt å unnta forretningsmessige forhold fra allmennhetens innsyn.”

KS meiner at ”styremøter i kommunalt eide foretak skal være åpne når forretningsmessige forhold ikke tilsier noe annet”.

Oslo kommune går imot framlegget frå departementet og uttalar mellom anna:

”Oslo kommune vil innledningsvis henvise til de ovenfor siterte forarbeidene til § 68 nr. 5

(Ot.prp. nr. 53 (1997–1998) side 70–71), som legger avgjørende vekt på at organisasjonsformen med kommunale foretak er søkt tilpasset mer forretningspreget virksomhet, og at foretaket derfor bør ha de tilnærmet samme rammebetingelsene som eventuelle private konkurrenter.

Oslo kommune mener dette fortsatt er utslagsgivende argumenter for å holde eksisterende ordning med lukkede styremøter med mindre kommunestyret har fastsatt noe annet i vedtektene.

Det må understrekes at styrene i et foretak normalt ikke befatter seg med saker som ellers er vanlige i folkevalgte organer. Styresakene vil omhandle forretningsstrategi, finansieringsstrategi, markedsvurderinger i forkant av beslutning om anskaffelsesstrategi for en investering osv. Hovedregelen vil derfor være at de fleste sakene må behandles bak lukkede dører.

[...]

Departementet henviser innledningsvis til hensynet til at åpenhet i kommuner er med på å skape tillit til kommunal virksomhet og å styrke lokaldemokratiet. [...] Hensynet slik det fremtrer som argument for departementets syn, fremstår mer som honnørord og lite konkret enn som et direkte argument for åpne styremøter. Dagens bestemmelse står nødvendigvis ikke i motstrid til hensynet.”

6.1.4 Framlegget frå departementet

Utgangspunktet for departementets vurdering er framleis at openheit i kommunar er med på å skape tillit til kommunal verksemd og å styrkje lokaldemokratiet. Openheit gjev innbyggjarar og media større høve til å følgje med på kva som skjer i kommunen, og kan medverke til å skape større innsikt i og forståing for kommunale avgjerder. Departementet er såleis ikkje samd med *Oslo kommune* når kommunen uttalar at dette omsynet verkar meir som eit honnørord og lite konkret enn som eit direkte argument for opne styremøte.

I høyringsnotatet peika departementet på at hovudregelen i kommunelova om lukka møte i kommunale føretak, ikkje skil mellom kva slags verksemd føretaket driv. Regelen inneber at også føretak som i liten eller ingen grad driv forretningsprega verksemd, kan ha styremøta sine bak lukka dører.

Oslo kommune meiner at grunngevinga for dagens føresegn framleis er utslagsgjevande for å halde fast ved denne. Oslo kommune peikar på at

styra i foretak til vanleg ikkje driv på med saker som elles er vanlege i folkevalde organ. Som døme på dette viser Oslo kommune mellom anna til forretningsstrategi og finansieringsstrategi. Departementet har likevel merka seg at framlegget får brei tilslutning i høyringsrunden.

Lova opnar i prinsippet for at alle delar av kommunen kan organiserast som kommunalt foretak. Kva saker foretaka driv med, vil difor kunne vere svært varierande, både i ein kommune og mellom kommunane. Sjølv om ein kommune meiner at ein hovudregel om opne møte ikkje vil passe for dei kommunale foretaka deira, er det andre høyringsinstansar (kommunar) som ikkje gjev uttrykk for det same. Departementet viser også til at departementet under arbeidet med lova var i tvil om utgangspunktet burde vere at møte i utgangspunktet skulle gå for lukka dører, sjå omtalen av Ot.prp. nr. 53 (1997–1998) i kapittel 6.1.1. Departementet held difor fast ved vurderinga i høyringsnotatet om at den gjeldande føresegna går lenger enn omsynet bak regelen tilseier, og ynskjer å endre føresegna til at møte som hovudregel skal haldast for opne dører.

Eit særleg spørsmål er omsynet til behovet foretaka har for å verne om eventuell forretningsprega verksemd. I høyringsnotatet vurderte departementet særleg om kommunelova § 31 nr. 5 tek i vare dette omsynet i tilstrekkeleg grad. Ifølgje lova § 31 nr. 5 kan ein "vedta å lukke et møte når hensynet til tungtveiende offentlige interesser tilsier det, og det vil komme fram opplysninger i møtet som kunne ha vært unntatt offentlig innsyn etter [...] (offentleglova) dersom de hadde stått i et dokument". Dei mest praktiske unntaksgrunnlagane i offentleglova er truleg omsynet til dei økonomiske interessene det offentlege har i forhandlingar (§ 23), sjå Prop. 152 L (2009–2010), særleg s. 44–45.

Om offentleglova § 23 heiter det i *Rettleiar til offentleglova*, utgjeven av Justisdepartementet, s. 138–139:

"Unntaka i offentleglova § 23 har til felles at dei skal verne om det offentlege sine økonomiske interesser, typisk i forhandlingar og forretningstilhøve.

[...]

For det fyrste gir § 23 fyrste ledd høve til å nekte innsyn i opplysningar når dette er påkravd av omsyn til ei forsvarleg gjennomføring av økonomiforvaltninga til organet.

Dette unntaket vernar om dei privatøkonomiske interessene til organet i forhandlingssituasjonar, og gjeld både ved kjøp og sal og ved

avtaleforhandlingar meir generelt. Også opplysningar i saker som gjeld erstatningskrav mot det offentlege, vil kunne vere omfatta av dette unntaket. Derimot vil ikkje saker som gjeld den interne økonomiforvaltninga, som budsjettsaker, vere omfatta. Det er vidare eit vilkår for å kunne gjere unntak at dei aktuelle opplysningane har eit konkurranseaspekt. Innsyn i opplysningane må såleis medføre fare for at forhandlingsposisjonen eller den strategiske stillinga til organet i den aktuelle saka eller i framtidige saker blir svekt, slik at kostnadene blir større eller vinsten mindre."

Departementets vurdering i høyringsnotatet var at denne føresegna gjev ein fornuftig balanse mellom omsynet til at allmenta skal ha innsyn i kommunal verksemd, og omsynet til den kommunale verksemda sitt behov for å skjerme forretningsverksemda si. Departementet peika på at sjølv om føresegna ikkje kan nyttast på alle saker som gjeld forretningsverksemd, vil ho regelmessig kunne nyttast når økonomisk interesse tilseier det. Departementet held fast ved denne vurderinga.

Departementet kan heller ikkje sjå at det ligg føre tungtvegande grunnar for at høvet til å lukke dørene bør vere avhengig av om det er eit kommunalt foretak eller eit folkevalt organ, til dømes kommunestyret, som handsamar saka. Også dette tilseier at lova § 31 også bør gjelde for styremøte i kommunale foretak. I samband med revideringa av § 31 blei det òg vedteke ny § 31a. Føresegna handlar om kva prosedyrar som må følgjast ved lukking av møte, og regulerer retten til å gjere opptak eller overføre lyd eller bilete frå opne møte. Reglane i § 31a er i all hovudsak ei vidareføring av reglar som tidlegare stod i § 31. Reglane i § 31 og § 31a heng saman. Begge paragrafane bør difor gjelde for kommunale foretak.

6.2 Internkontroll i kommunale foretak

6.2.1 Gjeldande rett

Det følgjer av kommunelova § 71 nr. 2 at "[d]aglig leder skal sørge for at foretakets bokføring er i samsvar med lov og forskrifter og at formuesforvaltningen er ordnet på betryggende måte". Lova nemner såleis nokre særskilde plikter som dagleg leiar har i samband med internkontrollen. Dette kan likevel ikkje tolkast slik at det er berre i desse samanhengane dagleg leiar har eit kontrollansvar. Det er leiinga i ein organisasjon som har ansvaret for å etablere eit tilfredsstillande internkontroll-

system. Dette inneber at dagleg leiar har ansvar for heile den interne administrative kontrollen (internkontrollen) med verksemda til føretaket. Eit slikt syn blei også lagt til grunn av departementet i samband med at internkontrollansvaret til administrasjonssjefen blei regulert i kommunelova § 23 nr. 2, jf. Ot.prp. nr. 70 (2002–2003).

6.2.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet gav departementet uttrykk for at det er viktig at ordlyden i lova § 71 nr. 2 speglar det reelle innhaldet i internkontrollansvaret, jf. tilråding nr. 36 frå arbeidsgruppa. Departementet føreslo difor ei endring av ordlyden i føresegna. Departementet peika på at ei slik endring vil føre vidare det ansvaret som i dag ligg i lova. Departementet peika vidare på at endringa vil gjere det tydeleg at ansvaret til dagleg leiar ikkje er avgrensa til dei pliktene som i dag er nemnde i lova, men omfattar eit heilskapleg ansvar for internkontrollen i føretaket. Departementet føreslo difor at lova § 71 nr. 2 bør lyde: "Daglig leder skal sørge for at foretaket drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at det er gjenstand for betryggende kontroll".

6.2.3 Høyringa

Av dei som uttalar seg, er 32 instansar for framlegget. Ingen instansar går imot framlegget.

6.2.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til vurderingane i høyringsnotatet, som ikkje har møtt nokon innvendingar i høyringsrunden. Det er viktig at ordlyden i lova § 71 nr. 2 speglar det reelle innhaldet i internkontrollansvaret. Det bør ikkje være nokon tvil om at dagleg leiar har eit heilskapleg internkontrollansvar i føretaket. Departementet legg til grunn at dette heilskaplege ansvaret ligg i gjeldande føresegn, men meiner det er ynskjeleg å presisere dette. Departementet held difor fast ved framlegget som blei gjort i høyringsnotatet.

6.3 Val av tilsette til styret i kommunalt føretak

6.3.1 Gjeldande rett

Kommunelova § 65 nr. 3 andre punktum seier: "Et flertall av de ansatte ved foretaket kan kreve at

inntil en femtedel av styrets medlemmer med varamedlemmer velges blant de ansatte".

6.3.2 Høyringsnotatet

Departementet gjorde i høyringsnotatet greie for handsaminga i Stortinget då føresegna blei vedteken, jf. Innst. O. nr. 14 (1998–1999). Dersom det skal veljast tilsette til styret, seier lova at dei skal veljast "blant" dei tilsette. Lova seier ikkje at dei skal veljast "av" dei tilsette. Departementet gav uttrykk for at det kan vere grunn til å tru at Stortinget meinte "av og blant" då lova blei vedteken, men at omgrepet "av" ved ein inkurie ikkje kom med i lovteksten som blei endeleg vedteken.

I Innst. O. nr. 14 (1998–1999) s. 11 går det fram at fleirtalet i sine merknader gjorde framlegg om dette: "Et flertall av de ansatte ved foretaket kan kreve at inntil en femtedel av styrets medlemmer med varamedlemmer velges av og blant de ansatte."

Men i sjølve tilrådinga på side 25 blei det gjort framlegg om dette: "Et flertall av de ansatte ved foretaket kan krevje at inntil en femtedel av styrets medlemmer med varamedlemmer velges blant de ansatte."

Departementet viste òg til at det i Innst. O. nr. 14 (1998–1999) ikkje finst haldepunkt for at Stortinget meinte noko anna enn at dei tilsettevalde skulle veljast "av" dei tilsette. Framlegget som blei gjort i merknadene frå komiteen, strekar under dette.

Departementet føreslo difor å ta inn omgrepet "av" i kommunelova § 65. nr. 3 andre punktum.

6.3.3 Høyringa

Av dei som uttalar seg, er 20 instansar for framlegget. Ingen instansar går imot framlegget.

6.3.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til vurderingane i høyringsnotatet og held fast ved framlegget om å ta inn omgrepet "av" i kommunelova § 65 nr. 3 andre punktum. Det er sannsynleg at omgrepet "av" fall ut av lovteksten ved ein inkurie. Det er eit viktig prinsipp at det er dei tilsette sjølve som skal velje tilsettevalde.

7 Endringer i visse økonomiføresegner i kommunelova

7.1 Avgrensingar i høvet til å finansiere med lån når investeringa gjev rett til momskompensasjon

7.1.1 Gjeldande rett

Kommunelova § 50 nr. 1 er forstått slik at kommunane og fylkeskommunane kan ta opp lån inntil brutto anskaffingskost for bygg, anlegg og varige driftsmiddel. Normalt kjem bruk av eventuelle øyremerkte investeringstilskot til fråtrekk. Det er ikkje stilt krav i regelverket om at kommunane og fylkeskommunane først skal finansiere investeringar i bygg, anlegg og varige driftsmiddel med sine egne inntekter, før dei kan ta opp lån. Kompensasjon av meirverdiavgift for investeringar er å rekne som frie inntekter i investeringsrekneskapen. Det inneber at kommunar og fylkeskommunar kan finansiere det samla investeringsbudsjettet med lån (brutto) i tillegg til med andre inntekter, deriblant meirverdiavgiftskompensasjon for investeringane.

Etter gjeldande reglar om rekneskap for kommunar og fylkeskommunar skal momskompensasjonen for investeringar først som inntekt i driftsrekneskapen. Frå 2010 til 2013 gjeld ei ordning der kommunane og fylkeskommunane gradvis og i stadig større grad skal overføre momskompensasjonen for investeringane frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. Frå 2014 av skal kommunar og fylkeskommunar inntektsføre all momskompensasjon for investeringar direkte i investeringsrekneskapen. Desse reglane skal medverke til at kommunar og fylkeskommunar ikkje baserer driftsaktivitetane på eit investeringsnivå som ikkje kan forsvarast over tid.

7.1.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet viste departementet til at gjeldande rett for handtering av momskompensasjon i rekneskapen på den eine sida i aukande grad sikrar at driftsutgifter ikkje blir finansierte gjennom investeringsaktivitetar og dermed heller ikkje indirekte finansierte med lån. På den andre

sida inneber rekneskapsreglane at investeringsrekneskapen frå 2010 på fast basis blir tilført ei finansieringskjelde utover det som følgjer av dei vedtaka kommunen eller fylkeskommunen gjer om anna finansiering (bruk av lån, tilskot frå andre, salsinntekter eller oppsparte midlar). Om investeringane i bygg, anlegg og varige driftsmiddel er fullt ut finansierte med lån, vil inntektene frå momskompensasjon for investeringane vere midlar som kan finansiere andre investeringar i investeringsrekneskapen. Regelverket avgrensar ikkje kva type investeringar dette vil kunne vere.

Departementet meinte i høyringsnotatet at reglane bør hindre at utgifter i investeringsrekneskapen som etter kommunelova § 50 ikkje kan finansierast med lån, blir finansierte gjennom momskompensasjon frå lånefinansierte investeringar. Dette vil sikre konsistens i regelverket. På same måte som kravet om å overføre momskompensasjonen for investeringar frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen sikrar at kommunesektoren ikkje indirekte kan finansiere drifta med lån, bør reglane for lån medverke til at utgifter som ligg utanfor dei lovlege låneføremåla, heller ikkje blir indirekte lånefinansierte.

Departementet føreslo på denne bakgrunnen at opninga for å ta opp lån til bygg, anlegg og varige driftsmiddel etter kommunelova § 50 nr. 1 frå 2014 blir avgrensa til netto anskaffingskost. Med netto anskaffingskost meiner departementet summen av brutto anskaffingskost for investeringane i året etter at kompensasjon for meirverdiavgift knytt til anskaffingane er trekt frå. For perioden 2011–2013 føreslo departementet at opninga for å ta opp lån blir avgrensa til anskaffingskost med fråtrekk for momskompensasjon som er overført til investeringsrekneskapen.

Ved bruk av eventuelle øyremerkte tilskot vil dette òg kome som fråtrekk i det maksimale låneopptaket. Dette følgjer av at øyremerkte tilskot ikkje kan nyttast til andre føremål. Departementet vurderte dette i høyringsnotatet som gjeldande rett og meiner at det difor ikkje er nødvendig å presisere det i lova.

7.1.3 Høyringa

Eit klårt fleirtal av høyringsinstansane som kommenterer framlegget, er i prinsippet positive til endringa.

Nokre av instansane innvender at det vil vere problematisk med endring allereie frå 2011, fordi budsjett og økonomiplanar allereie er vedtekne. *Ålesund kommune* påpeikar at "det å lage regler slik at momsen skal redusere lånefinansieringen på den aktuelle investeringen som momsen kommer fra, det er en detaljstyring av finansieringer som ikke er ønskelig". *Hordaland fylkeskommune* meiner kompensasjonen framleis burde reknast fullt ut som frie inntekter i investeringsrekneskapen.

7.1.4 Framlegget frå departementet

Departementets vurdering etter tilbakemeldingane frå høyringsinstansane er at lova bør endrast.

Departementet er likevel einig med dei høyringsinstansane som meiner iverksetjinga bør utsetjast, og tilrår difor at endringa ikkje tek til å gjelde før 1. januar 2014, det vil seie samstundes med at kompensasjonen av meirverdiavgift frå investeringar etter rekneskapsreglane skal først fullt ut i investeringsrekneskapen.

Departementet har også merka seg innendinga frå *Ålesund kommune*. Departementet er einig i at lova ikkje bør regulere kvart enkelt låneopptak, men ho bør sikre at dei samla låneopptaka ikkje overstig dei samla nettoanskaffingane. Departementet har justert lovteksten frå høyringsnotatet for å klargjere dette.

7.2 Avdrag på likviditetslån og trekkrettar

7.2.1 Gjeldande rett

Høvet til å ta opp likviditetslån er regulert i kommunelova § 50 nr. 5. Likviditetslån kan vere anten reine likviditetslån eller ein avtale om likviditetstrekkrettar (typisk kassekreditt). Eit slikt lån er ikkje knytt til noko anna føremål enn at kommunen skal ha tilgjengelege midlar til å gjere opp skulda si til rett tid. Kva som måtte vere bakgrunnen for likviditetsbehovet, har ingenting å seie for høvet til å ta opp lånet.

Hovudregelen er at likviditetslånet skal vere gjort opp seinast når årsrekneskapen blir fastsett, jf. § 50 nr. 7 bokstav b. Unntaket er i dei tilfella driftsutgifter saknar finansiering når rekneska-

pen blir avslutta, altså ved rekneskapsmessige underskot. Etter kommunelova § 50 nr. 7 bokstav b kan tilbakebetalingstida for likviditetslånet i slike høve setjast like lang som inndeckingsperioden.

7.2.2 Høyringsnotatet

Departementet føreslo i høyringsnotatet å fjerne regelen om oppgjør av likviditetslån og likviditetstrekkrettar. Departementets vurdering i høyringsnotatet var at denne regelen er overflødig i det regelverket som kommunesektoren er underlagd i dag, og at dette bør stå uregulert.

I høyringsnotatet viste departementet til at økonomireglane i kommunelova skal sikre to hovudomsyn: økonomisk balanse og betalings- evne.

Kravet om økonomisk balanse er det sentrale styringsinstrumentet for å regulere aktiviteten i kommunesektoren. Saman med krav om å dekkje inn eventuelle underskot i rekneskapen sikrar dette at utgiftene over ein viss periode ikkje overstig inntektene. I tillegg er aktiviteten regulert gjennom eit skilje mellom drift og investering, og reglar om kva for inntekter som kan finansiere visse aktivitetar. Til dømes kan ikkje lån brukast til å finansiere drifta i kommunane og fylkeskommunane, berre til investeringar. Saman avgrensar dette dei moglegheitene kommunane og fylkeskommunane har til å ta på seg forpliktingar dei ikkje har finansiell dekning for. Om ein kommune eller fylkeskommune ikkje kan oppfylle kravet om økonomisk balanse, vil regelverket krevje at dei dekkjer inn underskotet i form av innsparingar, noko som også inneber ei styrking av likviditeten. Departementet vurderte i høyringsnotatet det slik at balansekravet også regulerer likviditetsutviklinga til kommunane og fylkeskommunane på sikt. Over tid inneber kommunelova at utgiftene og utbetalingane ikkje vil kunne overstige inntektene og innbetalingane.

Departementet peika i høyringsnotatet på at dersom kommunane og fylkeskommunane skal kunne utlikne mellombelse skilnader mellom inn- og utbetalingar og alltid kunne dekkje dei løpande skyldnadene sine, må regelverket opne for at ein kan ta opp likviditetslån eller inngå avtale om trekkrettar. Dette er i dag sikra gjennom kommunelova § 50 nr. 5. Eit likviditetslån skil seg frå andre typar lån ved at det ikkje er knytt til konkrete kjøp. Det einaste føremålet det har, er å utlikne tidsforskyvingar mellom inn- og utbetalingane til kommunane og fylkeskommunane. Kommunane og fylkeskommunane kan ikkje inntekts-

føre slike lån som finansieringskjelde i driftsbudsjettet og -rekneskapen. Sjølve innlånet og tilbakebetalinga blir berre førte i balanserekneskapen. Lånet har altså ikkje andre konsekvensar for budsjettet enn dei rentene, gebyra og sakskostnadene som blir lagde på kommunen eller fylkeskommunen.

Departementet peika vidare på at kommunesektoren ikkje fører rekneskap etter kontantprinsippet. Etter gjeldande rekneskapsreglar vil det difor ikkje vere fullt samsvar mellom rekneskapsresultata og likviditetsutviklinga i den enskilde kommunen og fylkeskommunen. I høyringsnotatet vurderte departementet regelen i kommunelova § 50 nr. 7 bokstav b om oppgjær av likviditetslån og trekkrettar som overflødig. Kommunelova pålegg kommunane og fylkeskommunane ei plikt til likviditetsstyring gjennom § 52. Eit krav om ein gjeven frist for tilbakebetaling er heller ikkje nødvendig for å sikre likviditet og økonomisk balanse. I særskilde høve kan det også gje uheldige utslag. Ettersom det ikkje er fullt samsvar mellom rekneskapsresultatet og likviditetsutviklinga, peika departementet på at det med reglane i dag i visse høve vil kunne tenkjast at det heller ikkje er fullt samsvar mellom det kommunen eller fylkeskommunen treng av likviditet for å dekkje skyldnader, og det dei kan ha uteståande i likviditetslån eller trekkrettar. Om ein opphevar kommunelova § 50 nr. 7 bokstav b, vil ikkje ein slik situasjon kunne oppstå.

Departementet føreslo i høyringsnotatet å oppheve kommunelova § 50 nr. 7 bokstav b, som regulerer avdrag på likviditetslån og trekkrettar (fristar for tilbakebetaling).

7.2.3 Høyringa

Dei aller fleste instansane som uttalar seg om framlegget, er positive.

Hedmark Revisjon IKS meiner at lova ikkje bør endrast på dette punktet. Revisjonseininga uttalar at ho er ”enig i at det med gjeldende regnskapsregler ikkje er fullt samsvar mellom regnskapsresultatene og likviditetsutviklingen i den enkelte (fylkes-)kommune”, men meiner føresegna bør førast vidare ”ut fra allmennpreventive hensyn. Kommunestyret må ha et aktivt forhold til kommunens likviditet”.

7.2.4 Framlegget frå departementet

Departementet har merka seg at dei fleste høyringsinstansane var positive til å endre lova på dette punktet. Departementet vil peike på at kommunestyret også etter ei slik endring vil ha det overordna ansvaret for likviditetsutviklinga i kommunen, og dette vil framleis gå fram av kommunelova § 52, som regulerer finansforvaltninga i kommunane.

Departementets vurdering er på bakgrunn av dette at lova bør endrast som føreslått i høyringsnotatet.

8 Lov om interkommunale selskap – endringar i visse føresegner om økonomiforvaltning

Kommunar som er deltakarar i eit interkommunalt selskap, har uavgrensa ansvar for skyldnadene til selskapet. I gjeldande rett er det difor stort samsvar mellom avgrensingane i dei økonomiske disposisjonane eit interkommunalt selskap kan gjere (lov om interkommunale selskap), og dei avgrensingane som deltakarkommunane sjølve er underlagde (kommunelova). Etter at lov om interkommunale selskap tok til å gjelde i 2000, har kommunelova seinare blitt endra på visse punkt, mellom anna lånereglane og reglane om statleg godkjenning av låneopptak. Det er difor nødvendig å gjere nokre endringar i lov om interkommunale selskap for å sikre at det er betre samanheng mellom desse reglane og reglane i kommunelova. I tillegg føreslår departementet ein del andre justeringar i lov om interkommunale selskap.

8.1 Låneopptak, avdrag på lån og statleg lånegodkjenning

8.1.1 Gjeldande rett

I Ot.prp. nr. 53 (1997–1998) *Om lov om interkommunale selskaper og lov om endringer i kommuneloven m.m. (kommunalt og fylkeskommunalt foretak)* blei det lagt til grunn at låneretten for interkommunale selskap skulle svare til låneretten for kommunar og fylkeskommunar etter kommunelova § 50. Etter lov om interkommunale selskap § 22 kan interkommunale selskap berre ta opp lån til kapitalføremål og konvertering av eldre gjeld, i tillegg til likviditetslån. Dette er i samsvar med reglane om låneopptak for kommunar og fylkeskommunar slik reglane i kommunelova § 50 var tidlegare. Avgrensingane i låneretten for kommunar og fylkeskommunar blei justert ved endringar i kommunelova som tok til å gjelde 1. januar 2001. Endringane i kommunelova i 2001 var blant anna ei presisering om at låneopptak må vere til ”eige bruk” for kommunen eller fylkeskommunen, og at låneopptak må vere knytt til ei anskaffing av varig verdi. Etter dette gjev kommunelova mellom anna

ikkje lenger høve til å ta opp lån til kjøp av aksjar. Dei same presiseringane er ikkje gjorde gjeldande for interkommunale selskap.

Lov om interkommunale selskap § 22 siste ledd seier at departementet kan gje forskrifter til utfylling av føresegnene i paragrafen. *Forskrift 17. desember 1999 nr. 1567 om lån og lånevilkår for interkommunale selskap* gjev reglar for avdragsmåte og avdragstid i interkommunale selskap. I tillegg stiller forskrifta krav om at låna må takast opp i norske kroner, med mindre departementet har gjeve dispensasjon til selskapet for å ta opp lån i annan valuta.

Lov om interkommunale selskap § 22 fjerde ledd seier at vedtak i selskapet om å ta opp lån må godkjennast av departementet.

8.1.2 Høyringsnotatet

Departementet la til grunn for framlegga i høyringsnotatet at det må vere samsvar mellom låneretten til eit interkommunalt selskap og låneretten som deltakarkommunane sjølve er underlagde, også når det gjeld reglar om avdrag og statleg lånegodkjenning.

Lån og avdrag på lån

Departementet peika på at interkommunale selskap berre bør kunne ta opp lån til kapitalføremål når det er tale om å finansiere anskaffingar av varig verdi som blir ein reell del av formuen i selskapet, på same måte som låneretten for kommunar og fylkeskommunar er avgrensa etter kommunelova § 50. Departementet føreslo i høyringsnotatet at sentrale føresegner i kommunelova blir tekne inn i lov om interkommunale selskap, til erstatning for gjeldande § 22 andre ledd første punktum. Denne presiseringa inneber at låneretten for interkommunale selskap når det gjeld kapitalføremål, berre omfattar investeringar i fysiske eigedelar av varig verdi, og at kjøp av aksjar og liknande finansielle investeringar fell utanom.

Vidare føreslo departementet ei presisering om at interkommunale selskap også kan inngå avtalar om likviditetstrekkrettar (kassakreditt), i tillegg til å ta opp likviditetslån. Det blei òg føreslått å ta inn i lov om interkommunale selskap at interkommunale selskap skal kunne ta opp lån til lånefond.

I høyringsnotatet føreslo departementet endringar i kommunelova § 50 som inneber at kommunar og fylkeskommunar må trekkje frå momskompensasjon for investeringane ved låneopptak til finansiering av bygningar, anlegg og varige driftsmiddel. Med dei same grunngevingane føreslo departementet tilsvarende avgrensingar i låneretten for interkommunale selskap.

Departementet føreslo i høyringsnotatet at *forskrift 17. desember 1999 nr. 1567 om lån og lånevilkår for interkommunale selskap* blir oppheva. Departementet peika på at føresegnar om nedbetaling av lån i interkommunale selskap bør kome fram av lov og ikkje av forskrift, slik det er for kommunar og fylkeskommunar. Departementet føreslo at interkommunale selskap skal ha eit krav til minste avdrag på lån på same måte som kommunar og fylkeskommunar etter kommunelova § 50 nr. 7, og at dette blir teke inn i lov om interkommunale selskap. Framlegget i høyringsnotatet var også ei oppheving av regelen i forskrifta om at låneopptak i interkommunale selskap skal skje i norske kroner. Departementet viste til at det ikkje er prinsipielle grunnar til å forby valutalån på generell basis, så lenge slike lån blir tekne opp innanfor forsvarlege risikorammer og det interkommunale selskapet unngår vesentleg finansiell risiko. Departementet føreslo i staden eigne føresegnar om finansiell risiko i interkommunale selskap etter mønster av kommunelova § 52 (forbodet mot å ta på seg vesentleg finansiell risiko), sjå avsnitt 9.2. Når dei sentrale omsyna med dette blei føreslått tekne inn i lova, såg departementet i høyringsnotatet ikkje behov for ein særskild heimel for departementet til å fastsetje nærare reglar om lån og lånevilkår. Departementet føreslo difor å oppheve forskriftsheimelen i lov om interkommunale selskap § 22 siste ledd.

Statleg godkjenning av lån

Departementet viste til gjeldande rett som krev at departementet (fylkesmannen) skal godkjenne alle låneopptak i interkommunale selskap, medan ordninga med statleg lånegodkjenning i kommunelova berre gjeld for dei kommunane og fylkeskommunane som oppfyller kriteria for økonomisk ubalanse i kommunelova § 60. Departementet

meinte i høyringsnotatet at det ikkje er sterke grunnar til at interkommunale selskap skal vere underlagde strengare statleg kontroll enn kommunar og fylkeskommunar når det gjeld låneopptak. Departementet viste til at deltakarkommunane har uavgrensa ansvar for forpliktingane til selskapet, og at låneopptak inneber langsiktige forpliktingar som må ha dekning. Departementet meinte at det i ei viss utstrekning vil kunne vere behov for å avgrense låneopptak i eit interkommunalt selskap, for på den måten å avgrense storleiken på det økonomiske ansvaret deltakarkommunane har overfor selskapet. Departementet la til grunn at dette typisk kan vere tilfellet der ein eller fleire av deltakarkommunane sjølve har svekt økonomisk balanse, og føreslo i høyringsnotatet at godkjenningsordninga for interkommunale selskap blir gjort om frå ei generell til ei vilkårsbunden ordning. Framlegget i høyringsnotatet var at ordninga med lånegodkjenning for interkommunale selskap blir knytt til om ein eller fleire av deltakarkommunane er registrerte for vilkårsbunden godkjenning og kontroll (ROBEK) etter reglane i kommunelova § 60.

8.1.3 Høyringa

Høyringsinstansane har få merknader til spørsmåla om låneopptak, avdrag på lån og statleg lånegodkjenning. Av dei som uttalar seg, er eit klårt fleirtal for endringane i høyringsnotatet, mellom anna *KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon)* og *Norges Kommunerevisorforbund*. *Norges Kommunerevisorforbund* og *KS Bedrift* tok opp ein del spørsmål.

Norges Kommunerevisorforbund uttalar:

”Departementet foreslår å harmonisere låne- og avdragsbestemmelsene i IKS-loven med kommuneloven. NKRF ser imidlertid ingen gode grunner for at IKS skal kunne anvende lånefond, og støtter dermed ikke denne delen av forslaget.”

KS Bedrift uttalar om låneopptak:

”Departementet foreslår at interkommunale selskaper ikke skal kunne ta opp lån til kjøp av aksjer. KS Bedrift forstår begrunnelsen for at departementet vurderer en slik innskrenkning, men tror en generell innskrenkning er noe streng. Vi tror at en her må skille mellom mer spekulative investeringer og investeringer som har med utvikling av selskapet og dets tjenestetilbud å gjøre. Det kan være gode grunner til at

en virksomhet ønsker å kjøpe seg opp i en annen virksomhet, og at en også ønsker å bruke lån fremfor bruk av eksempelvis egenkapital til kjøpet. Vi ber derfor departementet vurdere den foreslåtte løsningen på nytt.”

KS Bedrift uttalar om statleg lånegodkjenning:

”Ser vi for oss at et IKS består av 10 kommuner med likt eierskap for hver kommune, vil det at en av kommunene kommer på Robek-listen kunne medføre at selskapet ikke får det nødvendige lånet til sin virksomhet. Som nevnt tidligere driver mange av disse selskapene en forretningsmessig virksomhet som bl.a. er i konkurranse med andre. En streng tolkning av forslaget på dette området kan således få uheldige utslag som vi ber departementet vurdere nærmere i sitt videre arbeid.”

8.1.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til det som er uttala i høyringsnotatet, og at fleirtalet av høyringsinstansane som uttalar seg, sluttar seg til framlegget.

På same måte som i høyringsnotatet er departementets vurdering at det må leggjast stor vekt på å harmonisere lov om interkommunale selskap med kommunelova. Dette må på eit generelt grunnlag innebære at eit interkommunalt selskap ikkje skal ha ein meir omfattande rett til å ta opp lån, til dømes lån til kjøp av aksjar, enn det som gjeld deltakarane sjølve. Departementet viser til at låneretten for kommunar og fylkeskommunar ikkje opnar for å ta opp lån når det er risiko for at investeringa kan gå tapt. Kommunelova skil ikkje mellom aksjar med meir eller mindre risiko. Lån til aksjar fell difor utanfor låneretten i det heile. Departementet legg stor vekt på at deltakarane i eit interkommunalt selskap har eit uavgrensa ansvar for forpliktingane til selskapet, og finn på denne bakgrunnen ikkje sterke grunnar til at interkommunale selskap skal ha ein meir omfattande rett til å ta opp lån enn det som gjeld for deltakarane sjølve.

I høyringsnotatet føreslo departementet at interkommunale selskap må trekkje frå moms-kompensasjon for investeringane ved låneopptak til finansiering av bygningar, anlegg og varige driftsmiddel. Departementet føreslo ei overgangsordning for interkommunale selskap som fører rekneskap etter dei kommunale rekneskapsprinsippa. Departementet har etter ei ny vurdering kome til at det ikkje er naudsynt med ei overgangsordning, men vil i staden føreslå at dette tek

til å gjelde frå 2014. Det vil då vere i samsvar med den endringa i kommunelova om dette spørsmålet som departementet føreslår i denne proposisjonen, sjå kapittel 7.

I høyringsnotatet føreslo departementet ei endring i ordninga med statleg godkjenning av låneopptak i interkommunale selskap på den måten at statleg godkjenning berre skal skje dersom ein eller fleire av deltakarkommunane sjølve er underlagde statleg godkjenning etter kommunelova (ROBEK). Dette inneber som *KS Bedrift* uttalar, at dersom ein av kommunane er på ROBEK-lista, vil det kunne føre til at det interkommunale selskapet ikkje får ta opp lånet som planlagt. Departementet syner til at stoda er slik også etter gjeldande rett. Det er opp til godkjenningsstyresmakta å vurdere om det er forsvarleg at selskapet tek opp lån, også med bakgrunn i økonomien i den einskilde deltakarkommunen. Framlegget i høyringsnotatet om å gjere ordninga med statleg godkjenning av låneopptak i interkommunale selskap vilkårsbunden er ei lemping av godkjenningsordninga slik ho er i dag. Ordninga som departementet legg fram, inneber ikkje automatisk at eit interkommunalt selskap skal bli nekta å ta opp lån. Godkjenninga må som etter gjeldande rett byggje på ei nærare vurdering av økonomien i selskapet og deltakarkommunane. Innhaldet i godkjenningsordninga for selskapet vil elles tilsvare det som følgjer av gjeldande ordning.

På denne bakgrunnen held departementet fast på framlegget i høyringsnotatet om å harmonisere lov om interkommunale selskap med kommunelova når det gjeld låneopptak, avdrag på lån og statleg lånegodkjenning.

Departementet føreslår likevel ikkje som i høyringsnotatet at interkommunale selskap skal kunne ta opp lån til lånefond. I dag er det berre eit fåtal av dei største kommunane som bruker denne ordninga. Departementet har etter ei nærare vurdering kome til at lånefondsordninga ikkje er føremålstenleg eller nødvendig for interkommunale selskap, og viser til at selskapa vil kunne ta hand om lån på ein god måte innanfor dei ordinære reglane.

8.2 Finansiell risiko

8.2.1 Gjeldande rett

Etter lov om interkommunale selskap § 22 tredje ledd har selskapet forbod mot å stille garanti eller pantsetje egedelane sine til trygd for andre sine økonomiske skyldnader. Forskrift 17. desember 1999 nr. 1567 om lån og lånevilkår for interkom-

munale selskap set forbod mot at selskapet utset seg for valutarisiko ved låneopptak. Føremålet med desse føresegnene er at selskapa skal få avgrensa høve til å ta på seg skyldnader som inneber vesentleg risiko for økonomisk tap. Lov om interkommunale selskap har likevel ingen generelle føresegner som regulerer finansiell risiko i selskapet.

8.2.2 Høyringsnotatet

Departementet viste i høyringsnotatet til at interkommunalt selskap er ei selskapsform som i stor grad blir nytta til samarbeid om verksemd som har stor nytteverdi for samfunnet, og tenester som selskapet yter til deltakarkommunane eller innbyggjarane i kommunane. Interkommunale selskap vil også kunne forvalte store verdjar på vegner av deltakarkommunane og fellesskapet. Departementets vurdering var at interkommunale selskap må vere underlagde krav i lov om ei forsvareleg finansforvaltning, på same måte som kommunar og fylkeskommunar. På denne bakgrunnen, og i samband med framlegget om å oppheve gjeldande forskrift som gjev forbod mot å ta opp valutalån, føreslo departementet i høyringsnotatet å ta inn ei ny føresegn i lova som set eit generelt forbod mot at interkommunale selskap tek på seg vesentleg finansiell risiko.

8.2.3 Høyeringa

Høyringsinstansane har få merknader til spørsmåla om finansiell risiko. Av dei som uttalar seg, er eit klårt fleirtal for endringane i høyringsnotatet.

Fylkesmannen i Vestfold uttalar:

”[...] deltakerkommunene i IKS-et har et ubegrenset ansvar for selskapets gjeld og øvrige forpliktelser. En vanskelig økonomisk situasjon i et IKS vil derfor slå direkte tilbake på eierkommunenes økonomiske situasjon, med mindre selskapskapitalen er tilstrekkelig for å dekke forpliktelsene. Det er derfor gode faglige begrunnelser for at økonomibestemmelsene for interkommunale selskaper blir harmonisert med tilsvarende regelverk for kommunene.”

8.2.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til det som er uttala i høyringsnotatet, og at fleirtalet av høyringsinstansane som uttalar seg, sluttar seg til framlegget. Depar-

tementet held fast på framlegget om ei ny føresegn i lova som set eit generelt forbod mot at interkommunale selskap tek på seg vesentleg finansiell risiko, tilsvarende føresegna i kommunelova § 52.

8.3 Bruk av inntekter ved sal av fast eigedom (realiserte verdjar)

8.3.1 Gjeldande rett

Etter lov om interkommunale selskap § 21 kan interkommunale selskap ikkje bruke inntekter frå sal av fast eigedom eller andre større kapitalgjenstandar til å dekkje løpande utgifter. Departementet har heimel til i særlege tilfelle å dispensere frå dette forbodet.

8.3.2 Høyringsnotatet

Departementet viste i høyringsnotatet til at høvet til dispensasjon for interkommunale selskap har samanheng med at det tidlegare var gjeve tilsvarende dispensasjonshøve for kommunar og fylkeskommunar i kommunelova av 1992. Det var ein føresetnad at dispensasjonshøvet skulle nyttast strengt. Dette var bygd på prinsippet som er lagt til grunn for både kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap, om at løpande utgifter skal dekkjast av løpande inntekter. Høvet til dispensasjon for kommunar og fylkeskommunar blei teke ut ved endringane i kommunelova som tok til å gjelde 1. januar 2001.

Departementet viste i høyringsnotatet til at det er eit viktig prinsipp at verdjar i form av faste eigedommar eller andre større kapitalgjenstandar, verdjar som gjerne er bygde opp over lang tid, ikkje kan nyttast til å dekkje selskapets løpande driftsutgifter. Departementet føreslo på denne bakgrunn å oppheve høvet til dispensasjon.

8.3.3 Høyeringa

Høyringsinstansane har få merknader til spørsmålet om bruk av inntekter ved sal av fast eigedom. Av dei som uttalar seg, er eit klårt fleirtal for endringane i høyringsnotatet.

8.3.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til det som er uttala i høyringsnotatet, og at fleirtalet av høyringsinstansane som uttalar seg, sluttar seg til framlegget. Departementet held fast ved framlegget om å fjerne høvet for departementet til dispensere frå forbo-

det mot å bruke inntekter frå sal av fast eigedom eller andre større kapitalgjenstandar til å dekkje løpande utgifter.

8.4 Einskilde endringar i reglane om årsbudsjett og økonomiplan

8.4.1 Gjeldande rett

Lov om interkommunale selskap § 18 tredje ledd fastset at dersom budsjettet til selskapet føreset tilskot frå deltakarane, er budsjettet ikkje endeleg før budsjetta til dei kommunale eller fylkeskommunale deltakarane, med dette tilskotet, er hand-sama etter kommunelova § 45 nr. 4. Føresegna i § 18 tredje ledd viser til kommunelova § 45 nr. 4 slik ordlyden var tidlegare, som innebar at departementet i alle tilfelle skulle føre lovlegkontroll med budsjettvedtaka til kommunestyret. Denne føresegna i kommunelova om automatisk budsjettkontroll blei oppheva i 2001.

Lov om interkommunale selskap § 20 gjev reglar om økonomiplanen til selskapet, under dette krav om at det i økonomiplanen skal vere med ei oversikt over selskapets garantiansvar (første ledd). Føresegna (siste ledd) gjev departementet heimel til å fastsetje forskrift med nærare reglar om innhaldet i økonomiplanen.

8.4.2 Høyringsnotatet

Departementets vurdering i høyringsnotatet var at gjeldande § 18 tredje ledd er ei overflødig føresegn, og departementet føreslo å oppheve den. Framlegget i høyringsnotat inneber at selskapets budsjett vil vere å rekne som endeleg når det er vedteke av representantskapet, men at budsjettet må reviderast dersom det oppstår vesentlege endringar i inntekter og utgifter i forhold til det som er budsjettert.

Departementet viste i høyringsnotatet til at gjeldande reglar krev at det i økonomiplanen skal vere med ei oversikt over selskapets garantiansvar. Men gjeldande lov om interkommunale selskap § 22 set forbod mot at selskapet stiller garanti for andre sine økonomiske forpliktingar. Departementet føreslo i høyringsnotatet å bringe kravet til innhaldet i økonomiplanen i samsvar med garantiforbodet.

Departementet såg i høyringsnotatet ikkje at det ligg føre nokon sterk trong for forskrifter om innhaldet i økonomiplan i tillegg til reglane i lov om interkommunale selskap. Departementet føre-

slo å oppheve forskriftsheimelen i lov om interkommunale selskap § 20 siste ledd. Departementet peika på at det vil vere opp til selskapa sjølve, innanfor krava i § 20, å utforme gode økonomiplanar som er til nytte for selskapet sjølv ved styringa og kontrollen av verksemda, og som gjev allmenta innsyn i selskapets planar for verksemda.

8.4.3 Høyringa

Høyringsinstansane har få merknader til spørsmåla om innhaldet i økonomiplanen til interkommunale selskap. Av dei som uttalar seg, er eit klårt fleirtal for endringane i høyringsnotatet.

8.4.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til det som er uttala i høyringsnotatet, og at fleirtalet av høyringsinstansane som uttalar seg, sluttar seg til framlegget. Departementet viser til at ordninga med automatisk lovlegkontroll med kommunale budsjettvedtak er oppheva. Føresegna i lov om interkommunale selskap § 18 tredje ledd som viser til regelen i tidlegare kommunelov § 45 nr. 4 er dermed utdatert. Departementet held fast på framlegget om endringar i reglane om budsjett og økonomiplan.

8.5 Bokføring

8.5.1 Gjeldande rett

Departementet la til grunn i høyringsnotatet at interkommunale selskap som følgjer rekneskapslova, skal rette seg etter reglane i bokføringslova med tilhøyrande forskrift. Når det gjeld interkommunale selskap som fører rekneskap etter kommunale prinsipp, jf. lov om interkommunale selskap § 27 første ledd andre punktum, er det ikkje fastsett kva for bokføringsreglar som gjeld.

8.5.2 Høyringsnotatet

Departementet føreslo i høyringsnotatet å ta inn ei ny føresegn i lov om interkommunale selskap som fastset at interkommunale selskap skal vere bokføringspliktige etter bokføringslova. Føresegna vil gjelde uavhengig av om selskapet følgjer rekneskapslova eller fører rekneskap etter kommunale prinsipp, og det blir dermed klårt at alle interkommunale selskap skal følgje bokføringsreglane som gjeld for kommunar og fylkeskommunar og privat sektor.

8.5.3 Høyringa

Høyringsinstansane har få merknader til spørsmålet om bokføring. Av dei som uttalar seg, er eit klårt fleirtal for endringane i høyringsnotatet.

8.5.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til det som er uttala i høyringsnotatet, og at fleirtalet av høyringsinstansane som uttalar seg, sluttar seg til framlegget. Departementet held fast på framlegga i høyringsnotatet om at interkommunale selskap skal vere bokføringspliktige etter bokføringslova.

8.6 Styrets ansvar for rekneskapen

8.6.1 Gjeldande rett

Lov om interkommunale selskap § 27 andre ledd seier at rekneskapen skal fastsetjast av representantskapet. Det er ikkje gjeve nærare reglar i lova for styrets ansvar i samband med avlegginga av rekneskap for selskapet.

8.6.2 Høyringsnotatet

Departementet viste i høyringsnotatet til at det er reist spørsmål om kva ansvar styret har i samband med avlegginga av rekneskapen for det interkommunale selskapet, før rekneskapen blir fastsett av representantskapet. Departementets vurdering i høyringsnotatet var at styret har ansvar for å gjere framlegg om årsrekneskap (og årsmelding) til representantskapet, tilsvarende det ansvaret som styret i eit aksjeselskap har. Departementet føreslo at dette blir presisert i lova.

8.6.3 Høyringa

Høyringsinstansane sett under eitt har få merknader til spørsmålet om styrets ansvar for rekneskapen og årsmeldinga. Av dei som uttalar seg, er eit klårt fleirtal for endringane i høyringsnotatet.

8.6.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til det som er uttala i høyringsnotatet, og at fleirtalet av høyringsinstansane som uttalar seg, sluttar seg til framlegget. Departementet held fast på framlegget om at styret i interkommunale selskap har ansvar for å gjere framlegg om årsrekneskap og årsmelding til representantskapet.

8.7 Opplysningar om godtgjering – forskriftsheimel

8.7.1 Gjeldande rett

Interkommunale selskap som fører rekneskap etter rekneskapslova, skal i samsvar med rekneskapslova opplyse om ytingar og lån til dei einsskilde leiande tilsette og medlemmer av styret. Tilsvarende opplysningskrav er ikkje gjevne for interkommunale selskap som fører rekneskap etter reglane i kommunelova.

8.7.2 Høyringsnotatet

Departementet føreslo i høyringsnotatet å utvide heimelen i lov om interkommunale selskap § 27 tredje ledd til også å gjelde interkommunale selskap som fører rekneskap etter kommunale rekneskapsprinsipp. Dette gjev departementet grunnlag for å fastsetje reglar om at slike selskap i rekneskapen må opplyse om ytingar og lån til leiande tilsette og medlemmer av styret.

8.7.3 Høyringa

Høyringsinstansane sett under eitt har få merknader til spørsmålet om forskriftsheimel og opplysningar om ytingar og lån til dei einsskilde leiande tilsette og medlemmer av styret. Av dei som uttalar seg, er eit klårt fleirtal for endringane i høyringsnotatet.

8.7.4 Framlegget frå departementet

Departementet viser til det som er uttala i høyringsnotatet, og at fleirtalet av høyringsinstansane som uttalar seg, sluttar seg til framlegget. Departementet held fast på framlegget i høyringsnotatet om å utvide heimelen til å fastsetje krav i forskrift til årsrekneskapen.

Den gjeldande heimelen i § 27 tredje ledd inneber at for selskap som fører rekneskap etter rekneskapslova, kan departementet gje føreseger som er naudsynte for å tilpasse denne rekneskapen til reglane om selskapets økonomiforvaltning i lova. Det er samstundes naudsynt at departementet i forskrift kan gje reglar om rekneskapen til alle interkommunale selskap og ikkje berre dei som føre rekneskap etter rekneskapslova. Departementet viser til at det i *forskrift 17.12.1999 nr 1568 om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper* mellom anna også er gjeve tidsfristar for avslutning av rekneskapen, og visse særreglar for selskap som

fører rekneskap etter prinsippa i kommunelova. Departementets framlegg inneber difor at forskriftsheimelen i lova blir utforma meir generelt,

slik at heimelen er meir dekkjande enn det som kjem fram av ordlyden i gjeldande § 27 tredje ledd.

9 Samansetjing av fellesnemnda etter inndelingslova

9.1 Gjeldande rett

Inndelingslova er ei prosesslov som regulerer korleis ein går fram ved fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser, sjå lov 15. juni 2001 nr. 70.

Etter inndelingslova kan innbyggjarane sjølve ta initiativ til ei utgreiing om grenseendringar, men det er berre kommunestyret eller fylkestinget som kan ta initiativ til å få greidd ut samanslåing og deling. Innbyggjarane og andre interesser skal bli høyrde før avgjerda blir teken. Det er Stortinget som tek avgjerda i saker som er så store at dei får verknad for stortingsmandat, eller når det er usemje mellom kommunane om ei samanslåing, sjå inndelingslova §§ 4 til 6. Kongen eller fylkesmannen tek avgjerda i andre saker.

Når det er gjort vedtak om endring av grenser, startar ein prosess fram mot iverksetjing. Etter inndelingslova § 26 blir det oppretta ei fellesnemnd ved samanslåing av kommunar for å samordne og førebu samanslåinga. Kvar av kommunane skal ha minimum fem representantar i fellesnemnda, samtidig som samansetjinga av nemnda skal spegle innbyggjartalet i kommunane.

Samansetjinga av fellesnemnda og fullmaktene ho skal ha, blir drøfta på eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra som fylkesmannen kallar inn til. Det er dei einskilde kommunestyra som gjer det endelege vedtaket om samansetjing og fullmakter for fellesnemnda. Det kan vere tenleg at fellesnemnda får relativt vide fullmakter, slik at ho kan vere eit effektivt organ som kan ta nødvendige avgjerder på vegner av den nye kommunen i fasen fram mot samanslåinga.

9.2 Høyringsnotatet

Samansetjinga av fellesnemnda skal drøftast på felles kommunestyremøte og blir vedteken av dei einskilde kommunestyra. Inndelingslova krev at kvar av kommunane skal ha minimum fem representantar i fellesnemnda, samstundes som samansetjinga av nemnda skal spegla innbyggjartalet i kommunane som skal slå seg saman. I situasjonar

der det er markert ulik storleik på kommunane, vil dette kunne føre til at fellesnemnda må ha fleire medlemmer enn det som er tenleg. Ved til dømes samanslåinga av Bodø og Skjerstad ville proporsjonal representasjon krevd at det var rundt 200 representantar frå Bodø i fellesnemnda. Bodø hadde om lag 42 000 innbyggjarar og Skjerstad om lag 1000 innbyggjarar. I tre av dei fem siste sakene om kommunesamanslåing har departementet måtta gjere unntak frå inndelingslova ved samansetjinga av fellesnemnda.

Departementet meinte i høyringsnotatet at det er rimeleg og tenleg at den kommunen som har flest innbyggjarar, har flest medlemmer i fellesnemnda. Departementet gav uttrykk for tillit til at kommunane vil finne fram til ei samansetjing som gjev dei involverte kommunane høveleg representasjon, samstundes som talet på medlemmer i fellesnemnda ikkje hindrar at nemnda er funksjonsdyktig. Departementet meinte at lova ikkje lenger bør krevje ei samansetjing som speglar innbyggjartalet, men at lova i staden slår fast at nemnda bør spegle innbyggjartalet. Departementet meinte òg at kravet om minimum fem medlemmer frå kvar kommune bør endrast til eit krav om minimum tre medlemmer.

Departementet sende difor dette framlegget til endra § 26 første ledd andre og tredje punktum (endringar i kursiv) på høyring:

Nemnda *bør* spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum *tre* medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskommune.

9.3 Høyringa

I høyringa er det 20 instansar som uttalar seg om framlegget om at fellesnemnda bør avspegle innbyggjartalet og om å senke minimumstalet frå kvar kommune frå fem til tre. Av desse er det to som går imot framlegget. *KS* meiner at samansetjinga av fellesnemnda i størst mogleg grad bør vere opp til kommunane å avgjere. *Bjerkreim kom-*

mune meiner at samansetjinga av fellesnemnda ikkje bør avspegle innbyggjartalet i kommunane, og at prinsippet om at "ein kommune er ein kommune" heller bør nyttast. Bjerkreim kommune vil heller vidareføre kravet om minimum fem medlemmer frå kvar kommune i fellesnemnda. Utan at dei går imot framlegget, viser *Stavanger kommune* til at "bør" også er ei sterk føring, og er difor i tvil om lovendringa vil føre til faktiske endringar.

9.4 Framlegget frå departementet

Departementet held fast ved at inndelingslova bør gje ei føring om at samansetjinga av fellesnemnda

bør avspegle innbyggjartalet. Framlegget frå departementet gjev større fridom for kommunane enn gjeldande rett. Det blir opp til kommunane kor mykje innbyggjartalet skal ha å seie for samansetjinga av fellesnemnda, og minimumstalet frå kvar kommune blir redusert. Departementet viser til at det rettsleg sett er skilnad på skal- og bør-krav i lover. Ein konsekvens av ei lovendring vil vere at ein i saker om kommunesamanslåing ikkje lenger må ha unntak frå nasjonalt regelverk for å setje saman ei fellesnemnd som ikkje avspeglar innbyggjartalet.

10 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet meiner at framlegga i proposisjonen ikkje får administrative eller økonomiske konsekvensar av noko særleg omfang.

Framlegget til endring i kommunelova § 17 inneheld ikkje nye plikter for kommunane og fylkeskommunane. Det er berre tidspunktet for val av kontrollutval, og når kontrollutvalet skal tre i funksjon, som blir føreslått endra. Dette vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar. Framlegget til endring av § 77 nr. 2 inneber heller ikkje slike konsekvensar, sidan det berre er ei presisering av gjeldande rett.

Framlegga om at det som hovudregel skal vere opne møte i kontrollutvala og i styret i kommunale føretak, vil kunne innebere noko behov for opplæring i regelverket av dei som sit i utvala og styra. Departementet meiner likevel at det ikkje over tid vil få administrative eller økonomiske konsekvensar av noko særleg omfang, fordi regelverket om møteoffentlegheit er kjent i store delar av kommunane.

Framlegget om at den som er ansvarleg for revisjon av rekneskapsrevisjonen for kommune eller fylkeskommune skal ha plikt til å rapportere etter kvitvaskingslova, vil krevje noko meirarbeid i rekneskapsrevisjonen, men neppe i stort omfang. Departementet legg til grunn at rapportering svært sjeldan vil vere aktuelt, men at det samla sett er samfunnsmessig lønsamt og fornuftig at rekneskapsrevisor i kommunane og fylkeskommunane får plikt til å undersøkje og eventuelt rapportere dersom dei har mistanke om at ein transaksjon er knytt til kvitvasking eller terrorfinansiering.

Framlegget til endring i kommunelova § 80 første ledd inneber at kontrollutval og revisor får rett til å krevje opplysningar frå eller gjere undersøkingar i interkommunale samanslutningar etter § 27 i kommunelova. Dette er nye rettar for desse organa som kan medføre at dei får noko meir arbeid, og det vil bli auka kostnader dersom dei

brukar desse rettane. Departementet legg likevel til grunn at konsekvensane av endringa vil bli små.

Framlegget om å krevje rapportering i årsmeldinga om internkontroll vil krevje noko meirarbeid med årsmeldinga til kommunane og fylkeskommunane. Kravet er meint som eit verkemiddel til å setje arbeidet med internkontroll på dagsordenen lokalt.

Framlegget til endring i kommunelova § 50 inneber at investeringar som etter lova ikkje kan finansierast med lån, heller ikkje kan bli finansierte gjennom meirverdiavgiftskompensasjon frå dei lånefinansierte investeringane. Departementet legg til grunn at dette er normal praksis i dei aller fleste kommunane og fylkeskommunane, og at konsekvensane av endringa vil vere små. Også når det gjeld framlegget om å oppheve avdragsføresegna for likviditetslån og trekkrettar, vil konsekvensane vere små, men endringa vil fjerne ei mogleg avgrensing og medverke til at kommunane og fylkeskommunane vil ha naudsynt likviditet.

Departementet gjer framlegg om at overskrifta i § 80 blir endra. Dette er berre ei justering for at overskrifta skal vere i samsvar med innhaldet i paragrafen, og inneber ikkje noka endring i realiteten.

Framlegget om endringar i lov om interkommunale selskap inneber ei harmonisering med økonomireglane i kommunelova og visse justeringar. Departementet meiner at dei økonomiske og administrative konsekvensane er av lite omfang.

Endringa i inndelingslova vil gje kommunane og fylkeskommunane større fridom og forenkle arbeidet i departementet med resolusjonane i samanslåingssaker.

Departementet meiner samla sett at framlegga ikkje fører til behov for auka overføringar til kommunane.

11 Merknader til dei einskilde føresegnene

Merknader til kommunelova

Til § 17 nr. 2

Framlegget er omtala i kapittel 3.2.

Framlegget inneber at kontrollutvalet *skal* veljast på det konstituerande møtet i kommunestyret eller fylkestinget. Val av kontrollutval blir dermed ei obligatorisk sak på dette møtet, saman med val av formannskap/fylkesutval, ordførar/fylkesordførar og varaordførar. Føremålet med endringa er å sikre at kontrollutvalet får ei samansetjing som er i samsvar med lova § 77 nr. 1 fjerde punktum, ved at minst éin medlem av kommunestyret/fylkestinget blir vald inn i kontrollutvalet. Dette kan sikrast dersom ein vel kontrollutvalet før ein vel andre folkevalde organ.

Til § 17 nr. 3

Framlegget er omtala i kapittel 3.2.

Det følgjer av gjeldande lov at kontrollutvalet skal tre i funksjon frå det tidspunktet det er valt. Framlegget har samanheng med framlegget til endring i § 17 nr. 2 om endra tidspunkt for val av kontrollutval, og inneber at utvalet skal tre i funksjon frå det konstituerande møtet.

Til § 29 nr. 4

Framlegget er omtala i kapittel 6.1.

I føresegna blir det teke inn ei tilvising til §§ 31 og 31 a. At §§ 31 og 31 a vil bli gjeldande også for kommunale føretak, inneber at styret i kommunalt føretak må følgje dei same reglane om lukking av møte som gjeld for folkevalde organ.

Samstundes blir føresegna i § 68 nr. 5 oppheva. § 68 nr. 5 fastset at møte i styret skal haldast for lukka dører dersom ikkje kommunestyret har bestemt noko anna.

Framlegget inneber at møta i styret i kommunale føretak som hovudregel skal haldast for opne dører, jf. § 31 nr. 1. Møtet *skal* likevel lukkast dersom styret skal handsame opplysningar som er underlagde lovbunden teieplikt, jf. § 31 nr. 2. Det same gjeld dersom styret skal handsame ei sak som gjeld tenestlege tilhøve til ein arbeidstakar, jf.

§ 31 nr. 3. Styret *kan* vedta å lukke møtet når omsynet til personvern krev det, jf. § 31. nr. 4. Etter § 31 nr. 5 *kan* styret òg vedta å lukke møtet når omsynet til tungtvegande offentlege interesser tilseier det. § 31 nr. 5 stiller vilkår både om at tungtvegande offentlege omsyn krev lukking, og om at offentleglova inneheld ein heimel om unntak frå innsyn dersom opplysningane hadde stått i eit dokument. Tilvisinga til offentleglova inneber at styret må identifisere kva for ein unntaksheimel i offentleglova som gjer at vilkåret er oppfylt.

For nærare merknader til korleis ein skal forstå og praktisere § 31, viser departementet til Prop. 152 L (2009–2010), særleg s. 44–45.

Til § 48 nr. 5

Framlegget er omtala i kapittel 5.

Framlegget går ut på at årsmeldinga til kommunane og fylkeskommunane skal gjere greie for tiltak som er sette i verk og tiltak som er planlagde for å sikre forsvarleg ("betryggende") kontroll i verksemda, jf. kommunelova § 23 nr. 2. Det er administrasjonssjefen som er ansvarleg for å sikre forsvarleg kontroll. Kravet om rapportering om arbeidet med internkontrollen er meint som eit verkemiddel til å setje arbeidet med internkontroll på dagsordenen lokalt. Gjennom rapporteringa vil kommunestyret og kontrollutvalet få informasjon og med det eit høve til å drøfte internkontrollarbeidet i kommunen. Kravet om rapportering skal medverke til å støtte opp under og synleggjere det arbeidet som kommunane og fylkeskommunane gjer med å utvikle internkontrollen.

Til § 50 nr. 1

Framlegget er omtala i kapittel 7.1.

Opninga for å ta opp lån til bygg, anlegg og varige driftsmiddel etter kommunelova § 50 nr. 1 blir frå 2014 avgrensa til netto anskaffingskost i året (netto investeringsutgifter i året). Med netto anskaffingskost meiner departementet summen av brutto anskaffingskost for investeringane i året etter at kompensasjon for meirverdiavgift (og

øyremerkte tilskot) knytt til anskaffingane er trekt frå.

Til § 65 nr. 3

Framlegget er omtala i kapittel 6.3.

Framlegget presiserer at eventuelle tilsettevalde i styret i eit kommunalt føretak skal veljast både blant og av dei tilsette sjølve.

Til § 71 nr. 2

Framlegget er omtala i kapittel 6.2.

Dagleg leiar i eit kommunalt føretak har eit heilskapleg ansvar for internkontrollen i verksemda. Framlegget tek sikte på å endre ordlyden i føresegna slik at ordlyden speglar det reelle innhaldet i dette internkontrollansvaret, og inneber såleis inga endring i gjeldande rett. Føresegna er skriven etter mønster av kommunelova § 23 nr. 2, som regulerer internkontrollansvaret som administrasjonssjefen har for den kommunale administrasjonen.

Til § 77 nr. 2

Framlegget er omtala i kapittel 3.3.

Det blir føreslått at medlemmer og varamedlemmer i kommunestyrekomitear og fylkestingskomitear skal nemnast i oversikta over dei som er utelukka frå val til kontrollutvalet. Bakgrunnen er den sentrale posisjonen komiteane har som saksførebauande organ for kommunestyret. Dette gjer at medlemmene av komiteane bør vere likestilte med medlemmer av nemnder med avgjerdsmynde. Dette er i tråd med det departementet har lagt til grunn etter kommunelova § 10a, men det bør presiserast i § 77 nr. 2.

Det blir føreslått at også varamedlemmer i kommunestyrekomitear og fylkestingskomitear skal vere utelukka frå val til kontrollutvalet. Dermed vil desse varamedlemmene bli likestilte med varamedlemmene i nemnder med avgjerdsmynde som er utelukka frå val etter gjeldande reglar.

Til § 80

Framlegget er omtala i kapittel 4.2.

Overskrifta til paragrafen blir føreslått endra frå *Selskapskontroll til Innsyn og undersøkelser i selskaper*. Paragrafen regulerer kontrollutvalets og revisors rett til å krevje opplysningar frå og gjere undersøkingar i selskapa. Den er ingen heimel for selskapskontroll. Framlegget inneber at overskrifta blir i samsvar med innhaldet i paragrafen.

Framlegget inneber at innsynsretten blir utvida til å gjelde interkommunale styre etter § 27 i kommunelova. Dermed blir desse styra likestilte med interkommunale selskap etter IKS-lova og kommunale/fylkeskommunale aksjeselskap. Samstundes blir det føreslått at innsynsretten skal gjelde for alle aksjeselskap som er fullt ut åtte av kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap, anten direkte eller gjennom dotterselskap i eitt eller fleire ledd.

Merknader til lov om interkommunale selskap

Til § 20

Framlegget er omtala i kapittel 8.4.

Til § 22

Framlegget er omtala i kapittel 8.1 og 8.2.

Framlegget inneber ei harmonisering med reglane om lån og finansiell risiko i kommunelova §§ 50 og 52.

I første ledd er det gjort visse språklege endringar samanlikna med tidlegare ordlyd i § 22 første ledd. Endringane er ikkje meinte å endre det materielle innhaldet i føresegna.

Andre ledd første punktum svarar til innhaldet i kommunelova § 50 nr. 1 første punktum og § 50 nr. 2 første punktum. Andre punktum inneber at opptak av lån til finansiering av bygningar, anlegg og varige driftsmiddel frå 2014 blir avgrensa til netto anskaffingskost, etter at kompensasjon for meirverdiavgift knytt til anskaffingane (og øyremerkte tilskot) er trekt frå. Tredje punktum svarar til innhaldet i kommunelova § 50 nr. 5.

Tredje ledd inneber at dersom minst éin av deltakarane i selskapet er registrert i ROBEK etter reglane i kommunelova § 60, skal departementet godkjenne vedtak om opptak av lån og vedtak om langsiktige leigeavtalar. Innhaldet i godkjenningsordninga for selskapet vil elles tilsvare det som følgjer av gjeldande godkjenningsordning.

Fjerde ledd svarar til innhaldet i kommunelova § 50 nr. 7 bokstav a.

Femte ledd fastset ei frist for tilbakebetaling av likviditetslån og brukte trekkrettar.

Innhaldet i sjetle ledd er uendra frå gjeldande rett.

Sjuande ledd svarar til innhaldet i kommunelova § 52 nr. 3 og er nytt.

Innhaldet i åttande ledd er uendra frå gjeldande rett.

Til § 27

Framlegget er omtala i kapittel 8.5, 8.6 og 8.7.

Første ledd siste punktum inneber at interkommunale selskap skal følgje reglane i bokføringslova med forskrift.

Framlegget til andre ledd er ei presisering av ansvaret som representantskapet og styret skal ha for rekneskapen og årsmeldinga.

Tredje ledd inneber at departementet får heimel til å fastsetje nærare reglar om årsrekneskapen for interkommunale selskap i forskrift.

*Merknader til inndelingslova**Til § 26 første ledd*

Framlegget er omtala i kapittel 9.

Framlegget gjev kommunane og fylkeskommunane større fridom. Det blir opp til kommunane og fylkeskommunane kor mykje innbyggjartalet skal ha å seie for samansetjinga av fellesnemnda, og minimumstalet frå kvar kommune eller fylkeskommune blir redusert. Departementet vidarefører føringa om at samansetjinga av fellesnemnda bør avspegle innbyggjartalet. Det er opp til kommunane og fylkeskommunane å finne fram til ei samansetjing av fellesnemnda som gjev dei involverte høveleg representasjon, samstundes som talet på medlemmer i fellesnemnda ikkje hindrar at nemnda er funksjonsdyktig.

*Merknader til kvitvaskingslova**Til § 4 annen ledd nr. 1*

Framlegget er omtala i kapittel 4.1.

Framlegget går ut på at den som har ansvaret for revisjon av rekneskapen for kommune eller fylkeskommune, og for kommunalt eller fylkeskommunalt foretak, får plikt til å rapportere etter kvitvaskingslova. Ansvarleg for revisjon av rekneskapen vil i interkommunale revisjonseiningar og revisjonsselskap vere den oppdragsansvarlege revisoren, sjå forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 2 andre ledd. Der revisor er tilsett i kommunen, er ansvarleg for revisjon av rekneskapen den som har det faktiske ansvaret for revisjonen. Det vil vere opp til leiinga eller leiareren hjå den einskilde kommunerevisor å peike ut kven som har det faktiske ansvaret for revisjon, på same måte som det er opp til den einskilde interkommunale revisjonseining eller revisjonsselskap å peike ut oppdragsansvarleg revisor. Desse vil etter framlegget få same plikt til å rapportere som registrerte og statsautoriserte revisorar, det vil seie ei plikt til å undersøkje og eventuelt rapportere dersom revisor har mistanke om at ein transaksjon er knytt til kvitvasking eller terrorfinansiering. Denne plikta til å rapportere til Økokrim kjem ikkje i staden for rapporteringspliktene som følgjer av kommunelova og revisjonsforskrifta.

Kommunal- og regionaldepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i kommunelova m.m. (eigenkontroll mv.).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i kommunelova m.m. (eigenkontroll mv.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endringer i kommunelova m.m. (eigenkontroll mv.)

I

I lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner skal disse endringane gjerast:

§ 17 nr. 2 tredje punktum skal lyde:

Når det er avgjort at valg som nevnt i første og annet punktum er gyldige, foretas valg av formannskap eller fylkesutvalg, ordfører eller fylkesordfører, varaordførere og *kontrollutvalg* for den nye valgperioden.

§ 17 nr. 3 første punktum skal lyde:

Kommunestyre og fylkesting, formannskap og fylkesutvalg og *kontrollutvalg* trer i funksjon fra det konstituerende møte.

§ 29 nr. 4 skal lyde:

Bestemmelsene gjelder ikke for kommunale eller fylkeskommunale foretak, jf. kapittel 11. Bestemmelsene i §§ 31 og 31 a og §§ 36 til 38 a kommer likevel til anvendelse.

§ 48 nr. 5 andre punktum skal lyde:

Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre *betryggende kontroll* og en høy etisk standard i virksomheten.

§ 50 nr. 1 skal lyde:

Kommuner og fylkeskommuner kan ta opp lån for å finansiere investeringer i bygninger, anlegg og varige driftsmidler til eget bruk. *Det kan ikke tas opp lån etter første punktum for den delen av anskaffelseskost som tilsvarer rett til kompensasjon for merverdiavgift etter lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.* Det kan kun tas opp lån til tiltak som er ført opp i årsbudsjettet.

§ 50 nr. 7 bokstav b blir oppheva.

Noverande bokstav c blir bokstav b.

§ 65 nr. 3 andre punktum skal lyde:

Et flertall av de ansatte ved foretaket kan kreve at inntil en femtedel av styrets medlemmer med varamedlemmer velges *av* og blant de ansatte.

§ 68 nr. 5 blir oppheva.

Noverande nr. 6 til nr. 9 blir nr. 5 til nr. 8.

§ 71 nr. 2 skal lyde:

Daglig leder skal sørge for at foretaket drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjoner, og at det er gjenstand for betryggende kontroll.

§ 77 nr. 2 skal lyde:

Utelukket fra valg er ordfører, fylkesordfører, varaordfører, medlem og varamedlem av formannskap og fylkesutvalg, medlem og varamedlem av kommunal eller fylkeskommunal nemnd med beslutningsmyndighet, medlem av kommuneråd eller fylkesråd, *medlem og varamedlem av kommunestyrekomité og fylkestingskomité etter § 10 a* og ansatte i kommunen eller fylkeskommunen.

§ 77 nr. 8 blir oppheva.

Noverande nr. 9 til nr. 11 blir nr. 8 til nr. 10.

Overskrifta til § 80 skal lyde:

§ 80 *Innsyn og undersøkelser i selskaper*

§ 80 første ledd skal lyde:

I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i *interkommunale styrever* etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller *interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer*,

har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

II

I lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskaper skal disse endringane gjerast:

§ 18 tredje ledd blir oppheva.

Noverande fjerde ledd blir tredje ledd.

§ 20 første ledd siste punktum skal lyde:

I økonomiplanen skal det inngå en oversikt over selskapets samlede gjeldsbyrde og utgifter til renter og avdrag i planperioden.

§ 20 siste ledd blir oppheva.

§ 21 første ledd andre punktum blir oppheva.

§ 22 skal lyde:

§ 22 Lån, garantier og finansiell risiko

Selskapet kan bare ta opp lån dersom dette er fastsatt i selskapsavtalen. Dersom selskapet skal kunne ta opp lån, skal avtalen inneholde et tak for selskapets samlede låneopptak.

Selskapet kan ta opp lån for å finansiere investeringer i bygninger, anlegg og varige driftsmidler til eget bruk, og for å konvertere eldre lånegjeld. Det kan ikke tas opp lån etter første punktum for den delen av anskaffelseskost som tilsvarer rett til kompensasjon for merverdiavgift etter lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. Selskapet kan ta opp likviditetslån eller inngå avtale om likviditetstrekkrettighet.

Dersom en av deltakerne er underlagt reglene i kommuneloven § 60, skal selskapets vedtak om opp-tak av lån eller vedtak om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre selskapet utgifter utover de fire neste budsjettår, godkjennes av departementet.

Selskapets samlede lånegjeld etter andre ledd første punktum skal avdras med like årlige avdrag. Gjenstående løpetid for selskapets samlede gjeldsbyrde kan ikke overstige den veide levetiden for selskapets anleggsmidler ved siste årsskifte.

Selskapets likviditetslån eller benyttet trekkret-

tighet etter andre ledd tredje punktum skal være gjort opp senest når årsregnskapet fastsettes. Fore-ligger det regnskapsunderskudd som etter økonomi-planen skal dekkes over flere år, kan løpetiden for likviditetslånet forlenges tilsvarende inndekningspe-rioden.

Selskapet kan ikke stille garanti eller pantsette sine eiendeler til sikkerhet for andres økonomiske forpliktelser.

Selskapet skal forvalte sine midler slik at til-fredsstillende avkastning kan oppnås, uten at det innebærer vesentlig finansiell risiko, og under hen-syn til at selskapet skal ha midler til å dekke sine betalingsforpliktelser ved forfall.

Avtale i strid med bestemmelsene i første, tredje og sjette ledd er ugyldig.

§ 27 skal lyde:

§ 27 Selskapets regnskap

Selskapet har regnskapsplikt etter regn-skapsloven. Det kan i selskapsavtalen bestem-mes at selskapet i stedet skal avgi regnskap etter kommunale regnskapsprinsipper. Selskapet har bokføringsplikt etter bokføringsloven.

Regnskapet og årsberetningen fastsettes av representantskapet. Styret fremlegger forslag til årsregnskap og årsberetning.

Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om årsregnskapet for interkommunale selskaper.

III

I lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og end-ring av kommune- og fylkesgrenser skal § 26 første ledd andre og tredje punktum lyde:

Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskom-mune.

IV

I lov 6. mars 2009 nr. 11 om tiltak mot hvitvas-king og terrorfinansiering mv. skal § 4 andre ledd nr. 1 lyde:

Loven gjelder også for følgende juridiske og fysiske personer i utøvelsen av deres yrke:

- 1. statsautoriserte og registrerte revisorer, samt revisor som er ansvarlig for revisjon av regnskapet for kommune eller fylkeskommune, samt for kommunalt og fylkeskommunalt fore-tak, i samsvar med nærmere bestemmelser fast-satt av departementet, jf. lov om kommuner og fylkeskommuner § 78 nr. 8,*

V

1. Lova gjeld frå den tida Kongen fastset. Kongen kan setje i kraft dei enkelte føresegnene til ulik tid.
2. Endringa i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner § 50 nr. 1 andre punktum tek til å gjelde 1. januar 2014.
3. Endringa i lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskaper § 22 andre ledd andre punktum tek til å gjelde 1. januar 2014.



Trykk: AS O. Fredr. Arnesen. Mai 2012

241491